

Odd Ragnar Hunnes

# **Skuleretta samfunnsfag**

Om utviklinga av studietilbodet  
ved Høgskulen i Volda 2003–2008



**HØGSKULEN I VOLDA**



**MØREFORSKING  
VOLDA**

|                           |   |
|---------------------------|---|
| <b>Forfattar</b>          | Odd Ragnar Hunnes   |
| <b>Ansvarleg utgjevar</b> | Høgskulen i Volda   |
| <b>ISBN</b>               | 978-82-7661-274-5   |
| <b>ISSN</b>               | 0805-6609   |
| <b>Sats</b>               | Odd Ragnar Hunnes   |
| <b>Distribusjon</b>       | <a href="http://www.hivolda.no/fou">http://www.hivolda.no/fou</a> |

Denne rapporten er skiven for å tilby innsikt i korleis og kvifor studietilbodet Skuleretta samfunnsfag er bygt opp slik det framstår i dag. Målgruppe for rapporten er aktuelle og potensielle studentar ved studiet. I tillegg kjem kollegaer og andre som kan ha nytte og glede av å kome bra tett inn på eit studium på grunnleggjande nivå.

***Odd Ragnar Hunnes*** er førstelektor ved Institutt for planlegging, administrasjon og samfunnsfag, Høgskulen i Volda.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

**Arbeidsrapportserien** er for faglege og vitskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål. Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleiar (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika og FoU-leiar ved HVO. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

## **Innhald**

|  |    |
|--|----|
| Bakgrunn .....   | 4  |
| Namnet .....   | 4  |
| Strukturen i studiet .....                             | 5  |
| 15 studiepoengseiningar .....                          | 5  |
| Studentvurdering .....                                 | 6  |
| Ein breiddeprofil .....                                | 7  |
| Organiseringa .....                                    | 8  |
| Undervisingspraksis .....                              | 8  |
| Lokale studentar og nettstudentar .....                | 9  |
| Lærarkrefter.....                                      | 10 |
| Omfanget .....   | 10 |
| Basert på anslått arbeidsmengd for studentane .....    | 10 |
| Kjennskap til pensum og frammøte til undervising ..... | 13 |
| Friviljug frammøte .....                               | 13 |
| Pensumprøve .....                                      | 13 |
| Obligatorisk frammøte .....                            | 15 |
| Studieavgift for nettstudentar .....                   | 16 |
| Gjennomstrøyming .....                                 | 18 |
| Evaluering av studiet .....                            | 19 |
| Vidareutvikling av studiet .....                       | 21 |
| Ekskursjonen til Kenya .....                           | 22 |
| Entreprenørskap i utdanninga.....                      | 24 |
| Styrking av demokratiperspektivet i studiet.....       | 25 |
| Skriving av tekstar som kan inngå i pensum.....        | 25 |
| Vidareutvikling av studiehjelpsdocumenta.....          | 26 |
| Styrking av fagdidaktikkperspektivet.....              | 27 |
| Drivkrefter bak utviklinga av studiet .....            | 28 |
| Sluttkommentar .....                                   | 30 |
| Kjelder .....  | 31 |
| Vedlegg 1 .....  | 32 |
| Vedlegg 2 .....  | 33 |
| Vedlegg 3 .....  | 35 |
| Vedlegg 4 .....  | 38 |
| Vedlegg 5 .....  | 39 |
| Vedlegg 6 .....  | 41 |

## **Bakgrunn**

Heilt sidan etableringa av årsstudiet i samfunnsfag ved lærarutdanninga i Volda i siste halvdel av 1960-åra, har studiet vore under kontinuerleg utvikling. Det har heile tida vore snakk om mindre endringar. Kvalitetsreforma, som vart implementert frå hausten 2003, aktualiserte ein noko meir omfattande revisjon av studiet. Målet med denne rapporten er å gjere greie for utviklinga av dette studiet i perioden 2003–2008 og gjere tilgjengeleg refleksjonar i denne samanhengen.

I løpet desse åra har me hatt ambisjon om at studiet Skuleretta samfunnsfag skal kjenne-teiknast av følgjande kvalitetar:

- Fleksibilitet i tilgjenge
- Kvalitet i innhald
- Utbytte av innsats

Denne ambisjonen har følgjeleg tent som ei rettesnor for arbeidet vårt med og i studiet.

Vona mi er at denne rapporten kan vere til hjelp for studentane ved at dei kan gjere seg godt kjende med studiet. Dessutan er tanken at rapporten skal kome til nytte i det vidare arbeidet med studiet, at det kan minne oss om problemstillingar me har drøfta og synleggjere slike som me bør ta opp i tida framover. Kanskje kan dokumentet også kome til nytte for andre fagmiljø i deira arbeid med utvikling av sine studium.

## **Namnet**

Heilt sidan starten av 1970-åra har det ved lærarutdanninga i Volda vore tilbode eit års-studium i samfunnsfag med lærarar og lærarstudentar som målgruppe. I 1997 vart det ved HVO oppretta eit eittårig studium som fekk namnet 'Samfunnskunnskap' (i dag 'Samfunns-vitskap'). Denne eininga inngår i bachelorgradsstudiet 'Planlegging og administrasjon'. For å unngå samanblanding mellom dei to studia, valde me å presisere namnet på vårt studium frå 'Samfunnsfag' til 'Skuleretta samfunnsfag' (SRS-studiet). Det har vore innvendt mot dette namnet at det kan støyte bort potensielle studentar som ikkje heilt veit om dei vil verte lærarar, men som med utbytte kunne ta dette faget, kanskje som sitt første fag på høgskulenivå. Faget er elles såpass allment i innhald og innfallsvinkel at det kan fungere rimeleg bra som element i ulike faglege byggverk (les: bachelorgradar). Trass denne viktige innvendinga har me halde fast på namnet. Hovudgrunnen er at det signaliserer heilt tydeleg kva profil dette studiet har. Dermed appellerer det tydeleg til den primære målgruppa som er framtidige og noverande lærarar. Samstundes har me nokre få studentar som anten er sterkt i tvil om dei vil verte lærarar eller faktisk har bestemt seg for ikkje å verte lærar, men som i alle fall ser faget som nyttig. Og samanblanding med studiet i samfunnsvitenskap har ikkje vore registrert som noko problem. Samla sett synest derfor namnet å fungere rimeleg greitt.

## **Strukturen i studiet**

### **15 studiepoengseiningar**

Årsstudiet hadde i 'alle år' vore bygt opp som to halvårseiningar som gjekk parallelt gjennom studieåret og der kvar halvårseining vart avslutta med ein skriftleg eksamen ved slutten av vårsemesteret. I samband med Kvalitetsreforma vart det gjort vedtak om at studieprogramma ved HVO normalt skal vere bygt opp av emne på 15 studiepoeng, og at kvart emne skal avsluttast med eksamen der resultatet kan førast på vitnemålet. Dette innebar for vår del at me måtte vurdere å dele årsstudiet i fire emne. Det finst ein del argument for å organisere studiet i samsvar med dette. For det første får me eksamen ved slutten av kvart semester. Det synest rimeleg å rekne med at dette aukar studiepoengsproduksjonen sidan mange vil oppleve det enklare å ta fleire mindre eksamenar enn færre og større. Det er ikkje uvanleg at enkelte studentar startar studiet om hausten og sluttar i løpet av vårsemesteret av ein eller annan grunn. Sjansane er til stades for at dei i slike tilfelle kan ha teke eksamen ved slutten av haustsemesteret. Vidare er det også gjerne slik at studentar som har urealistiske planar om å gjennomføre fleire studium parallelt, får hjelp til å realitetsorientere seg i samband med eksamen, altså finne ut om dei har kapasitet til å gjennomføre det aktuelle studiet. Som fagleg leiar for studiet opplever eg ofte, særleg i løpet av november månad, at studentar tek kontakt for å forklare at dei no ser at dei har 'teke seg vatn over hovudet' og ber om råd. Ikkje sjeldan fører det til at dei søker om utsetjing av dei emna som dei tek i tillegg til normal arbeidsbelastning. For høgskulen inneber ei slik realitetsorientering høgare gjennomføringsprosent blant dei studentane som det vert investert undervisings-, rettleiings- og administrativ kapasitet i. Inndelinga i mindre einingar gjer studiet også meir fleksibelt med tanke på å byggje det inn i større studieprogram, t.d. allmennlærarutdanning eller ein bachelorgrad. I denne samanhengen har det synt seg positivt at alle emna ligg på grunnleggjande nivå, det såkalla hundrenivået, og at ingen av dei fire emna byggjer direkte på nokon av dei andre. Dermed kan ein setje saman ei 30 studiepoengseining av to emne, fritt valt blant dei fire. På denne måten kan ein student velje å ta 30 studiepoeng som fulltidsstudent i løpet av eit semester, eller som deltidsstudent over to semester.

Skuleretta samfunnsfag byggjer på rammeplanen for allmennlærarutdanninga av 2003 og legg seg tett opp til undervisingsfaget i grunnskulen (L97 frå 1997 og Kunnskapsløftet frå 2006). I desse planane er samfunnsfaget delt nokså likt mellom geografi, historie og samfunnskunnskap. For at studentane våre skal kunne kombinere dei fire emna våre slik det høver for dei, har me prøvt å få til ei mest mogleg lik fordeling mellom geografi, historie og samfunnskunnskap innanfor kvart emne. Sidan studiet er innretta mot skuleverket, er dessutan fagdidaktikk eit så viktig temaområde at dette også er innarbeidd i kvart av dei fire emna. Me har funne det meir tenleg enn å skilje didaktikken ut som eit eige emne. Å setje saman studiet slik at kvart 15 studiepoengsemne inneheld både geografi, historie og samfunnskunnskap i tillegg til fagdidaktikk er kreyjande og fører til at studiet står fram som meir oppsplitta enn når det er organisert som 30 studiepoengs einingar.

Etter til dels omfattande drøftingar i fagmiljøet, fann me at dei beste grunnane tala for å organisere årsstudiet i fire 15 studiepoengsemne. Dei administrative ordningane kravde vidare at me måtte setje saman to og to av emna slik at dei kunne tilbydast som halvårseiningar. Strukturen i studiet kan då framstillast som følgjer:

*Tabell 1: Oppbygginga av årsstudiet Skuleretta samfunnsfag (SRS) med halvårseiningar og 15 studiepoengs emne.*

|                                       | Skuleretta samfunnsfag<br>første halvårseining | Skuleretta samfunnsfag andre<br>halvårseining |
|---------------------------------------|--|---|
| Vert gjennomført i<br>haustsemesteret | SRS101   | SRS103  |
| Vert gjennomført i<br>vårsemesteret   | SRS102   | SRS104  |

Undervisinga er organisert slik at kvar av halvårseiningane berre kan takast på deltid, men dei to halvårseiningane kan takast parallelt, slik at årsstudiet vert teke på heiltid. Slik dette studiet er organisert, er det råd å ta 30 studiepoeng på heil tid i haustsemesteret (SRS101 + SRS103) og tilsvarande 30 studiepoeng på heil tid i vårsemesteret (SRS102 + SRS104) som nemnt ovanfor. Fagleg sett meiner me likevel at for den som skal ta berre 30 studiepoeng, er første halvårseining (SRS101 + SRS102) det beste alternativet.

Av omsyn til administrasjon og marknadsføring fekk me pålegg om å gje kvart av emna eit namn som kunne identifisere dei i tillegg til den meir tekniske merkelappen SRS101, SRS102 osb. Dette gav oss ein del hovudbry. Me valde namn som skulle vere mest mogleg dekkjande for innhaldet i kvart emne, heller enn å finne slagord som kan 'selje' studiet. Det kan trygt seiast at medan me er rimeleg godt nögde med 'SRS101: Særleg fokus: Natur og samfunn i Noreg' og 'SRS104: Særleg fokus: Aust-Afrika', så er det ikkje tilfelle i same grad for 'SRS102: Særleg fokus: Konfliktar i samfunnet' og 'SRS103: Særleg fokus: Urbanisering og globalisering – kontinuitet og vendepunkt'. Me er usikre på kor dekkjande namna på dei to siste emna er.

Ei samla oversikt over alle SRS-emna er presentert i vedlegg nr 1. Her er også innhalds-elementa innanfor geografi, historie og samfunnskunnskap tekne med saman med omfanget av undervisingspraksis.

### ***Studentvurdering***

Under drøftingane av strukturen i studiet var det ikkje berre administrative og pragmatiske spørsmål som vart vurderte. Også faglege sider var tungt inne, ikkje minst når det gjaldt eksamensformene i studiet. Fleire emne betyr fleire eksamenar og fleire eksamenar gjev oss høve til å variere eksamsforma. Me har derfor mappeeksamen på eitt emne (SRS101), valfritt mellom munnleg eller skriftleg på eit anna (SRS102), vanleg skriftleg eksamen på eit tredje (SRS103) og skriftleg semesteroppgåve på det fjerde (SRS104). Denne variasjonen aukar sjansen for at alle får bruke den eksamsforma dei tykkjer dei får best til samtidig som dei også må skjerpe seg med omsyn til dei eksamsformene dei likar mindre godt. Denne variasjonen i eksamsform gjev oss også høve til å leggje opp til ulike arbeidsformer i dei ulike emna.

Valfridomen mellom munnleg og skriftleg eksamen er godt motteken blant studentane. Såpass mange har ønskt munnleg at avviklinga har gått over to dagar. Desse har me gjennomført den dagen det er skriftleg og den påfølgjande dagen. Dette har hatt den positive effekten at studentar som har fått kollisjonar med andre eksamenar på den dagen det er skriftleg, har kunna ta munnleg den andre dagen. Eksamenskontoret har klart å unngå kollisjonar for studentar som tek alle faga sine ved HVO. Men for dei som tek fag ved andre høgskular, har

kollisjonar skjedd. Ved at desse studentane vel munnleg eksamen og me plasserer dei på den andre dagen, har dette problemet vore løyst på ein grei måte.

Ordninga med fleire eksamenar har også sine ulemper. I fagmiljøet vart det særleg framheva at mange små eksamenar gjer det vanskelegare å leggje vekt på samanhengar i stoffet og meir omfattande analysar av det, noko som er viktig i samfunnsfaget.

Sjølv om kvar eksamen dekkjer eit mindre stoffområde, er arbeidsmengda med kvar eksamen administrativt og fagleg ikkje mykje mindre for eit 15 studiepoengs emne enn eit 30 studiepoengs emne. Dette inneber meir arbeid for begge partar i tillegg til at det vert meir utlegg til sensorar.

## ***Ein breiddeprofil***

Som det går fram av vedlegg 1, har årseininga ein klår breiddeprofil. Ikkje mindre enn 41 ulike tema vert behandla, 16 i geografi, 12 i historie og 13 i samfunnskunnskap. Omfanget skiftar sjølv sagt frå tema til tema. Til dømes er 'russisk historie' tilgodesett med 18 undervisingstimar og eit pensum på om lag 220 sider, medan 'kartlære' har fått fire undervisingstimar og om lag 50 sider pensum. Me kunne ha valt å leggje opp til ein meir eksemplarisk innfallsvinkel til studiet ved at det inneheldt færre tema, og at desse vart grundigare behandla. Styrken ved ein slik innfallsvinkel er først og fremst at studentane då ville kunne få meir trening i metode innanfor geografi, historie og samfunnskunnskap gjennom sin konsentrasjon om få tema. Tanken bak eit slikt opplegg er at denne metodekunnskapen har stort overføringsverde til andre faglege tema enn dei som vert behandla i studiet, slik at kandidatane skal vere godt budde på å behandle eit breitt spekter av faglege tema. Når me har valt ein breiddeprofil, heng det særleg saman med den tilknytinga studiet har til grunnskulen og gjeldande læreplan. Me legg stor vekt på det didaktiske perspektivet og brukar eit breitt spekter av arbeidsmetodar heller enn å gå djupt inn i nokre få. Ingen studentar har til no problematisert denne breiddeprofilen direkte, men utsegner om at studiet er samansett med mange små bitar som det er krevjande å skaffe seg oversikt over, kan tolkast som eit signal i den retninga. På den andre sida har me også fått direkte tilbakemelding på at konsentrasjonen om Afrika i SRS104-emnet av enkelte studentar vert opplevt som i meste laget. Her vert Afrika behandla både i geografisk, historisk og samfunnskunnskapleg perspektiv, så sjølv om det heile tida handlar om Afrika, er innfallsvinklane mangslungne. Tanken vår har vore at nettopp med den breiddeprofilen som årseininga samla sett har, kan ein slik konsentrasjon om eitt geografisk område gjere litt til å samle studiet ein del.

Ei utfordring som breiddeprofilen i studiet gjev, er å finne god pensumlitteratur. Det er vanskeleg å finne gode bøker som tek opp fleire aktuelle tema og som har eit tilfredsstillande fagleg nivå. Det er ikkje så vanskeleg å finne enkelte artiklar, men me har problem med å finne bøker der mesteparten kan fungere som pensum. Lærebøker er dyre, så når det først vert venta at studentane kjøper dei, bør studentane på si side kunne vente at meir enn enkelte kapittel er pensum. Dette problemet er kanskje størst innanfor geografien og løysinga har vorte at me har brukt eit par lærebøker frå vidaregåande skule som 'samlebøker' og så har me supplert dei fleste tema med enkeltståande artiklar. Nokre av desse artiklane finst i ei artikkelsamling som er gjeve ut på forlag, i andre tilfelle har lærarar samla nokre artiklar til eigne kompendium eller artiklane er gjorde tilgjengelege på Fronter. Me brukar også ein del stoff som pensum som er tilgjengeleg på internett, t.d. det norske samandraget av *Human Development Report* for enkelte år. Ein såpass vanskeleg situasjon når det gjeld pensum, inviterer oss som lærarar til sjølve å skrive faglege artiklar som kan brukast. Det har vore gjort

når det gjeld ekskursjon som arbeidsmåte i læringsprosessar og demokratiperspektivet i lærarutdanninga. Men elles har lærarane sin skriveaktivitet i denne samanhengen mest gått ut på å lage studiehjelpsdocument som skal legge til rette for studentane si tileigning av pensumlitteraturen (meir om dette lengre bak). Samla sett er det rimeleg å rekne med at mange artiklar og mange forfattarar gjer det mogleg for oss å halde studiet rimeleg oppdatert, men samstundes gjer det nok sitt til å skape eit fragmentarisk inntrykk av studiet blant studentane.

Me hadde ikkje nokon djuptgåande debatt om forholdet mellom djupneprofil og breiddeprofil i samband med omlegginga av studiet. Me heldt stort sett fast på dei gode erfaringane me hadde frå før og på den for oss tradisjonelle vinkelen. Det er mogleg at tida er inne til å vurdere dette spørsmålet litt nøgnare og då gjerne med særleg vekt på utfordringa om å gjere det lettare for studentane å sjå samanhengar i studiet. Sjølv om me alt gjer mykje på dette feltet og me har erfaring for at studentane tileignar seg stadig meir av dette oversynet i løpet av studiet, kan det vere grunn til å leite etter endå fleire tiltak som kan vere til hjelp her.

## **Organiseringa**

Skuleretta samfunnsfag vert teke av studentar som er inne i ganske mange ulike faglege løp. Nokre tek studiet som del av grunnutdanninga si som allmennlærarar, andre som eit fag i faglærarutdanninga si eller som eit valfritt fag i ei bachelorutdanning og så er det ei gruppe lærarar som tek studiet som vidareutdanning. Bakgrunnen for å sikte inn mot ein såpass brei rekrutteringsbase, er å sikre god nok oppslutnad om studiet. Faren er sjølvsagt at studiet rekrutterer så breitt at kvaliteten for ei eller fleire av desse gruppene vert opplevd som for låg. Det kan synast uråd å innstille innhald og innfallsvinkel så nøyaktig at alle desse gruppene får akkurat det dei ønskjer. Løysinga vår på denne utfordringa er å vere opne på profilen i studiet. Det skjer gjennom namnet og ved at me presiserer at studiet byggjer på rammeplenen for allmennlærarutdanninga og legg seg tett opp til undervisingsfaget i grunnskulen. Så lit me på at tilbakemeldingar frå studentane i løpet av studiet kan hjelpe oss til så godt som råd å justere kursen i samsvar med den aktuelle studentgruppa sine ønske og behov.

Studentgruppa kan også grupperast etter andre kriterium enn dei som er nemnde ovanfor. Dette går fram av tabell 2. Akkurat denne grupperinga av studentane er så viktig at studiet er organisert slik at kvar gruppe sine behov vert møtte.

*Tabell 2: Gruppering av SRS-studentar som organiseringa av studiet må ta direkte omsyn til.*

|               | Student som skal ha praksis | Student som ikkje skal ha praksis |
|---------------|-----------------------------|-----------------------------------|
| Nettstudent   | A                           | B                                 |
| Lokal student | C                           | D                                 |

## **Undervisingspraksis**

Studiet er ope både for studentar som skal ha undervisingspraksis (gruppe A og C i tabell 2) som del av studiet og studentar som ikkje skal ha det (gruppe B og D). På grunn av dei store praksiskostnadane i lærarutdanninga, er det berre dei studentane som tek SRS i det tredje studieåret i allmennlærarutdanninga si som får praksis. Desse studentane har seks veker praksis i løpet av studieåret. For vårt studium inneber det at me må køyre to parallelle opplegg i desse seks vekene. Dette skjer ved at dei studentane som ikkje har praksis får andre arbeidsoppgåver medan tredjeklassingane i allmennlærarutdanninga har praksis. Desse oppgåvene

vert med eit samleomgrep kalla praksiskompensasjon. Me opplever kvart år at studentar har vanskar med å forstå denne differensieringa. Særleg gjeld dette studentar som ikkje skal ha praksis som i første omgang trur at dei 'vert straffa' med ekstra arbeid fordi dei ikkje har praksis. Sjølv om me i utgangspunktet prøver å forklare dette i den generelle, skriftlege informasjonen vår, må me ofte gå nokre ekstra rundar for å forklare at kompensatorisk arbeid må gjerast for at omfanget av arbeid i studiet skal vere mest mogleg likt både for dei som har praksis og dei andre.

### **Lokale studentar og nettstudentar**

Studiet er både for lokale studentar (C og D i tabell 2) som tek studiet i Volda og for nettstudentar (A og B) som kan bu kvar som helst så lenge dei har god tilgang på internett. Dette inneber for vår del at me legg opp til to parallelle opplegg for studiehjelp for studentane: undervising og skriftleg studiehjelp. Høgskulen brukar Fronter som VLE (Virtual Learning Environment) og me brukar denne aktivt i kommunikasjonen vår både med lokale studentar og nettstudentar.

For dei lokale studentane gjennomfører me undervising i samsvar med ein plan som vert kunngjort ved starten av kvart semester (sjå døme i vedlegg 2). Både munleg og skriftleg får me rimeleg gode tilbakemeldingar på opplegg og gjennomføring for dei lokale studentane. Men både lærarane og enkelte studentar opplever at frammøtet til undervisinga, som til og med studieåret 07/08 har vore friviljug, har vore lågare enn ønskjeleg. Eg kjem attende til dette lenger bak i dette dokumentet.

Særleg med tanke på nettstudentane utarbeider lærarane skriftleg studiehjelp som vert lagt ut på Fronter. Tema for denne studiehjelpa samsvarar med undervisingsplanen for dei lokale studentane slik at lokale studentar og nettstudentar arbeider parallelt når det gjeld tema. Denne studiehjelpa varierer noko frå tema til tema og frå lærar til lærar. Det kan vere snakk om korte samandrag av det faglege innhaldet, lysark frå undervisinga, tips til relevant tilleggs litteratur og studiespørsmål til pensum litteraturen for vedkomande tema. Så langt har me ikkje pålagt oss sjølve anna straumlinjeforming i desse dokumenta enn at me skal tilby studiespørsmål til pensum. Omfanget av desse dokumenta varierer. Me har ikkje fått negative reaksjonar frå studentane på forskjellane mellom desse dokumenta, men tenkjer likevel at tida er inne til å samordne forma og omfanget på dei noko frå hausten 2008.

Sjølv om undervisinga hovudsakleg er tenkt for dei lokale studentane og dei nemnde dokumenta for nettstudentane, fann me raskt ut at me ville gjere begge deler tilgjengeleg for begge gruppene. Det betyr at nettstudentane har open invitasjon til å vere med på undervisinga og at dei lokale studentane får tilgang på dei same dokumenta på Fronter som nettstudentane. Det er sjølvsagt ikkje mange nettstudentar som ser seg syn med å vere med på undervising, men det hender. Særleg gjeld det ein dags ekskursjon innanfor kvartærgeologien der mange nettstudentar som bur innanfor rimeleg avstand, tek del. På den andre sida er det mange, kanskje alle lokale studentar som er inne på dei dokumenta for studiehjelp som vert lagt ut på Fronter. Dette tykkjer me er positivt. Fagmiljøet vårt har faktisk ein lang tradisjon på å lage liknande dokument til dei lokale studentane. Denne tradisjonen kom til ved at fagmiljøet dreiv ein god del desentralisert deltidsutdanning i 1970–1980-åra. Til støtte for undervisinga som hadde mykje mindre omfang enn ved det ordinære studiet i Volda, vart det laga såkalla 'studiebrev'. Lærarane oppdaga at slike brev var til stor hjelp også for dei ordinære studentane og dermed var tradisjonen skapt. Då tida for nettstudentar som ikkje hadde undervisingssamlingar kom, såg me behovet for at desse breva vart meir omfattande. Samstundes hadde me ikkje kapasitet til å lage ulike dokument for nettstudentane og dei

lokale studentane. Derfor fekk alle tilgang til dei same dokumenta. Verknaden av dette har vore mykje diskutert i fagmiljøet. Eit viktig moment å vurdere har vore om den tilgangen som dei lokale studentane har til dei omfattande dokumenta, fører til at dei i mindre grad møter til undervisinga. Ei litt ulik vurdering av dette omsynet forklarar noko på veg at nokre lærarar er meir tilbakehaldne enn andre med omsyn til kor omfattande studiehjelpsdocument dei legg ut på Fronter.

## **Lærarkrefter**

Som det går fram av undervisningsplanen i vedlegg 2, er me tre lærarar som har hovudansvaret for undervisinga i SRS-studiet, ein geograf, ein historikar og ein sosiolog. Me legg opp til dette for å styrke opplevinga av fast struktur og samanheng i studiet. Som fagleg leiar ønskjer eg å unngå at det oppstår lengre periodar utan at eg møter studentane i undervising. Eg har derfor prøvt å spreie undervisinga mi mest mogleg ut over semesteret. Andre lærarar har hatt ønske om å samle undervisinga si så mykje som råd i blokker, noko me har prøvt å få til. I tillegg til dei tre gjennomgåande lærarane har me også ein del lærarar som er inne på felt der dei har spesiell kompetanse. Desse er også tilsette ved høgskulen og bruken av dei er med på å utnytte den situasjonen at me har mange dyktige fagfolk på eit breitt fagleg spekter. Såleis kan me halde ei viss fagleg kontakt med ulike fagpersonar og fagmiljø på ein slik måte at også studentane har glede av det. Det er eit poeng at slike 'gjestelærarar' ikkje har ein større del av undervisinga enn at deira innslag vert oppfatta som positive variasjonar, og ikkje som eit element som gjer fragmenteringa av studiet endå sterkare.

## **Omfanget**

### ***Basert på anslått arbeidsmengd for studentane***

Det er ei kjend sak at studentane skaffar seg fagleg innsikt ikkje berre gjennom direkte arbeid med studiet, men også på andre måtar. Dette gjeld ikkje minst i samfunnsfag. Derfor møter studentar med svært ulik kompetanse i faget, og behovet deira for å arbeide med faget i løpet av studiet vil truleg vere tilsvarande ulikt. Generelt er det eit poeng for formell utdanning å gje studentane høve til å dokumentere kompetanse som dei har skaffa seg utanfor utdanningsinstitusjonar, altså å formalisere den uformelle kompetansen. Derfor er det sjølvsagt den kompetansen studenten kan dokumentere når studiet er gjennomført som skal målast. Dette gjer det svært vanskeleg å beregne eit rimeleg omfang på eit studium, noko ulike tradisjonar i ulike fag vitnar om. Tradisjonen innanfor faget er i alle fall ei god støtte når omfanget av eit studium skal fastsetjast.

Det er ikkje uvanleg at tradisjonen i eit fag kjem til uttrykk i kor mange pensumsider som knyter seg til 60 eller 30 studiepoeng. I arbeidet vårt med dette studiet fann me ut at me ville bruke det totale arbeidsomfanget til ein vanleg student som målestav heller enn pensumsider. Alle veit at 'den vanlege studenten' ikkje eksisterer, og likevel finn me denne innfallsvinkelen fruktbar. Det betyr t.d. at omfanget av studiet vert fastsett på grunnlag av ei oppfatning av kva arbeidsinnsats studenten må leggje inn i studiet samla sett. Det er ikkje opplagt at dette er betre enn fagtradisjonen, men nokre moment talar for ei slik ordning. Ho gjev oss ein målestav for kor mykje pensum bør reduserast når undervising, skriftlege arbeid, presentasjonar, ekskursjonar og andre arbeidsformer vert lagde inn som deler av studiet. Varierte arbeidsformer gjev auka motivasjon og utbytte i studiearbeidet og er derfor ønskjeleg. Når slike arbeidsformer fører til mindre pensum, kan det vere lettare både for student og lærar å motivere seg for å bruke dei. Det er ikkje uvanleg å berre leggje slike arbeidsformer inn i

studiet i tillegg til det pensumet ein 'alltid' har hatt. Dette vil i så fall over tid føre til ei overbelastning på studiet, noko som i neste omgang truleg vil kunne svekke seriøsitetten. For når arbeidet som knyter seg til studiet tydeleg overstig det ein gjennomsnittleg student med rimeleg arbeidsinnsats kan nå over, festar det seg lett eit inntrykk av at det ikkje er meininga at alt skal lærast. Dersom lærarane lest som om alt skal lærast, men over tid både i undervising og eksamensoppgåver viser at det ikkje er alvorleg meint, vil studentane raskt venje seg til at det er skilnad på pensum 'på papiret' og det 'verkelege' pensumet. Det skaper uvisse og er uheldig. Når ein bereknar omfanget av eit studium med ein annan målestav enn den tradisjonelle, kan ein lettare oppdage skeivskapar som over tid kan ha snike seg inn. Det er ikkje sikkert at presisjonsnivået er så mykje høgare ved å rekne på arbeidstimar enn ved den tradisjonelle pensumsidemetoden, men det er neppe lågare. I begge tilfelle er det snakk om anslag.

Ut frå slike vurderingar valde me å sjå alt det arbeidet studentane skal gjere i studiet i samanheng og avpassa omfanget på grunnlag av den tidsbruken som me tenkjer er realistisk. Dette er gjort for kvart emne og studentane får tilgang til informasjon om dette. Tabell 3 og 4 er tekne med her for å illustrere tankegangen.

*Tabell 3: SRS101 Berekna arbeidsomfang for studentane*

| Læringsaktivitet             | Inneheld m.a.  | Omfang                                | Tidsbruk               |
|------------------------------|--|---------------------------------------|------------------------|
| Statarisk pensum             | Medrekna kollokvering og andre litteraturstudieteknikkar.  | Om lag 950 sider                      | 210 timer              |
| Skriftlege oppgåver          | Innhenting og systematisering av relevant informasjon, drøftingar, rettleiing.   | 2 eller 3 kvar 5 – 10 sider, 30 timer | 60 timer<br>(90 timer) |
| Prosjekt                     | Som skriftlege oppgåver, i tillegg kjem framlegging/presentasjon   |                                       |                        |
| Ekskursjonar                 | Korte og lange   | ein dag med før- og etterarbeid       | 15 timer               |
| Lærarstyrte læringsprosessar | Undervisning i grupper av ulik storleik med varierte arbeidsformer og/eller lesing av studiehjelp inkludert løysing av oppgåver. | 70 timer                              | 70 timer               |
| Praksis *                    | 2 veker  | 20 timer i klasse                     | 40 timer               |
| Studentdemokrati             | Studieevaluering, klassetime o.l.  | 5 timer                               | 5 timer                |
| Prøve                        | Arbeidskrav  |                                       | (6 timer)              |
| <b>SUM timer</b>             |  |                                       | <b>400 timer</b>       |

\* Dei studentane som ikkje har praksis, skal gjere kompensatorisk arbeid, som går ut på å skrive 3 i staden for 2 skriftlege oppgåver.

Tabell 4: SRS102 Berekna arbeidsomfang for studentane

| Læringsaktivitet             | Inneheld m.a.  | Omfang   | Tidsbruk               |
|------------------------------|--|--|------------------------|
| Statarisk pensum             | Medrekna kollokvering og andre litteraturstudieteknikkar.  | Om lag 1200 sider                                      | 266 timer              |
| Skriftlege oppgåver          | Innhenting og systematisering av relevant informasjon, kvar oppgåve på 2 -3 A-4 sider.   | 2 eller 3, ei i geografi, historie og samfunnskunnskap | 20 timer<br>(30 timer) |
| Prosjekt                     |  |  |                        |
| Ekskursjonar                 |  |  |                        |
| Lærarstyrte læringsprosessar | Undervisning i grupper av ulik storleik med varierte arbeidsformer og/eller lesing av studiehjelp inkludert løysing av oppgåver. | 84 timer   | 84 timer               |
| Praksis                      | 1 veke   | 10 timer i klasse                                      | 20 timer               |
| Studentdemokrati             | Studieevaluering, klassetime o.l.  |  |                        |
| Eksamens                     |  |  | 10 timer               |
| SUM timer                    |  |  | 400 timer              |

\* Dei studentane som ikkje har praksis, skal gjere kompensatorisk arbeid. Dei som reiser på studietur til Kenya får ei veke praksis / praksiskompensasjon godkjent der. Dei andre skal skrive 3 i staden for 2 skriftlege oppgåver.

Av tabell 3 og 4 ser me at det er lagt inn fleire og meir omfattande 'andre arbeidsoppgåver' enn lesing av pensum i SRS101 enn SRS102. Dette vert balansert i skilnaden i pensumsider (950 i SRS101 samanlikna med 1200 i SRS102). For å kunne balansere på denne måten må me rekne ut kor mange pensumsider som i gjennomsnitt kan studerast på ein time. Dette skapte omfattande diskusjonar i fagmiljøet vårt. Argument som går i retning av at det er stor skilnad på ulike typar pensum og at det er skilnad på kor lang tid ulike studentar brukar på ei pensumside vart møtte med argumentet om at når det har utkrystallisert seg ein fagtradisjon på pensumomfang, så ligg det implisitt ei oppfatning av kor mange pensumsider det vert venta at studenten når over i løpet av ein time. Ingen klarte å sjå nokon prinsipiell skilnad på dei to måtane å gjere det på. Me vart derfor samde om å setje gjennomsnittsmengda til om lag 4,5 sider pr arbeidstime. Så langt har det fungert rimeleg bra, men det kan tenkast at dette er eit noko for høgt tal, så dette spørsmålet må vurderast ved neste pensumrevisjon.

Av oppsettet kan me sjå at det er teke omsyn til skilnaden på dei studentane som har praksis og dei som ikkje har det. Det er mitt inntrykk at dei studentane som er i praksis opplever denne delen av studiet som svært arbeidskrevjande. Det kan derfor hende at studentane utan praksis slepp unna med mindre arbeid på dette punktet. Eg vil likevel forsøre timeanslaga med at mange praksisstudentar 'sprengjer akkorden' på dette punktet og brukar meir tid enn det i utgangspunktet er tenkt. Arbeidsomfanget som ulike studentar legg inn i praksisen varierer elles ein del, så eg vil argumentere for at gjennomsnittstala som står i tabell 3 og 4 er tenlege.

Dei lærarstyrte prosessane er omfangsbestemte først og fremst i samsvar med den undervisinga som vert gjeve for lokale studentar. Det kan innvendast at så lenge det er friviljug frammøte, kan studentane slepp unna med mindre arbeidsomfang dersom dei ikkje møter opp. Eit rimeleg svar på dette er at med mindre undervising, vil studenten truleg bruke lengre tid på å studere pensum. Dette er sjølv sagt eit poeng som også må sjåast i samanheng med det sidetalet av pensum som me reknar med at gjennomsnittsstudenten kan fordøye per time. For

den som ikkje møter til undervising, men brukar tida til å studere pensum, vil sidetalet som må studerast per time i gjennomsnitt gå ned frå om lag 4,5 til om lag 3,5 sider. For nettstudentane vil undervisingstidene kunne tilsvare arbeidet med studiehjelps dokumenta, og då særleg arbeid med studiespørsmåla. Sjølv om dei lokale studentane også har tilgang til desse spørsmåla, ser me på dette mest som ei ekstra hjelp som dei får og som me såleis ikkje har lagt inn i timerekninga slik som for nettstudentane.

## **Kjennskap til pensum og frammøte til undervising**

### **Friviljug frammøte**

Kvart år startar eg undervisinga mi med ein kort gjennomgang av læringssteori. Det er fleire grunnar for det. Ønsket om å leggje eit generelt grunnlag for didaktikkundervisinga i studiet er kanskje den viktigaste. Men det er også eit poeng på denne måten å motivere for deltaking i undervisinga utover i studiet.

Fagmiljøet vårt har heilt fram til no halde fast på det synet at frammøte til undervisinga vår skal vere friviljug. Me ønskjer at dei som møter opp skal vere drivne av fagleg motivasjon heller enn tvang. Kvart semester har me observert at medan frammøtet til undervisinga dei første par vekene om hausten ligg i området 70–80 prosent, fell frammøteprosenten raskt til under 50 prosent og held seg stort sett stabil der. Sidan me ikkje på nokon måte har skilt mellom dei to gruppene, veit me ikkje heilt kor mange av studentane våre som er å sjå på som nettstudentar og kor mange som er lokale studentar. Dette kan også endre seg i løpet av studiet og då mest truleg i den retninga at talet på nettstudentar aukar på kostnad av talet på lokale studentar. Derfor er dei nemnde prosenttala usikre. Men me ser at av dei som møter til undervising, er det ei trufast kjerne på mellom fem og ti studentar. I tillegg er det ei gruppe som møter sporadisk opp, slik at frammøtet jamleg ligg på 10 pluss minus. Dette opplever både lærarar og studentar som uheldig. Ut frå sosiokulturell læringssteori har den sosiale konteksten som læringa skjer i, mykje å seie for sjølve læringa. Når då samansetjinga skiftar frå gong til gong, vert læringsutbyttet fort skadelidande. Det gjer det også vanskeleg å få til læringsprosessar som heng saman over fleire dagar, for ikkje å seie veker. Det fører lett til at arbeidsmetodane vert meir lærarsentrerte enn ønskjeleg. Når det er få studentar til stades, er det også mindre total kompetanse samla og eit tilsvarende magrare læringsmiljø. Dette siste argumentet har sjølv sagt si grense. Dersom forumet vert så stort at studentar er tilbakehaldne med å ytre seg i plenum, kan også det leggje ein dempar på læringsutbyttet. Men i slike tilfelle kan læraren organisere studentane i mindre grupper når aktiv deltaking er spesielt viktig. Som lærarar opplever me det også som utfordrande å halde oppe motivasjonen til å førebu oss og å gjennomføre god undervising når frammøtet er lågt og varierer mykje. Ein oppegåande yrkesetikk skulle likevel kunne demme opp mot freistinga til å yte kvalitet under pari. Naturleg nok melder det seg også ei uro for at kvaliteten ikkje er god nok sidan så mange studentar vel å halde seg borte frå undervisinga. Det me får vite frå studentane både gjennom organiserte og meir sporadiske tilbakemeldingar tyder på at undervisinga vert opplevd som jamt god.

Over ei årrekke har me leitt etter måtar å møte utfordringa med därleg frammøte til undervisinga på. Studieåret 05/06 gjorde me ei nyvinning som eg skildrar i det følgjande.

### **Pensumprøve**

Dette er eit tiltak som me har opplevd positivt og som er knytt til to av emna våre, SRS101 og SRS104. Utgangspunktet for ordninga var ikkje først og fremst därleg frammøte til undervisinga, men eksamensforma. SRS101 har mappeeksamen og for SRS104 vert karakteren

fastsett på grunnlag av vurdering av ei semesteroppgåve. Dette betyr at sjølv om begge desse emna har pensumliste, kan ein student få ein god karakter på emnet utan å ha arbeidd nemnande med pensum. For å kompensere for denne skeivskapen, fann me ut at me ville leggje opp til ei pensumprøve mot slutten av semesteret. Denne pensumprøva vert organisert på Fronter og vert gjennomført fra klokka 16.00 til 20.00 ein fastsett dag. Teknisk har dette vist seg å fungere fullgodt. Pensumprøva vert ikkje vurdert med karakter, men studenten må gjennomføre prøva med godkjent resultat for å få gå opp til eksamen. Prøva er såleis definert som eit arbeidskrav. Me veit at studentane har tilgang på pensumlitteraturen og eventuell anna hjelp medan dei arbeider med prøva, så det er ei stor utfordring for oss å lage oppgåver som skil bra mellom dei som har og dei som ikkje har sett seg godt nok inn i pensum. Gjennom samtalar med studentar sit me att med inntrykket at nokre opplever prøva som ganske enkel, medan andre opplever henne som svært vanskeleg og arbeidskrevjande. Det er rimeleg å rekne med at dette langt på veg gjenspeglar kor mykje arbeid dei har lagt i pensum, men sikre kan me ikkje vere. Tilbakemeldingar tyder også på at mange studentar førebur seg grundig på prøva. Dette skal vere ei individuell prøve. Likelydande svar tyder på samarbeid og fører til underkjenning. Me har sett at dei fleste studentane leverer svara sine heilt mot slutten av prøvetida, og det har så langt alltid vore nokre som ikkje har fått godkjent prøva. Meir detaljar om prøva går fram av vedlegg 3.

Sidan hovudpoenget med denne prøva er å sikre at studentane arbeider med pensumstoffet eller inspirere til at det skjer, kom ideen om at prøva kunne koplast til frammøtet til undervisinga. Me fann derfor ut at dei studentane i SRS101 og SRS104 som kan dokumentere minimum 80 prosent frammøte til den planlagde undervisinga i emnet slik dette går fram av undervisingsplanen, slepp å ta prøva. Læraren sender rundt ei liste for kvar undervisingsdag for at studentane kan skrive seg på. Læraren sjekkar at det ikkje står fleire namn på lista enn det er studentar til stades, men elles har ikkje læraren noko ansvar for at alle har fått skrive seg på. Ved vanleg obligatorisk frammøte er ordninga slik at det ligg på læraren å dokumentere for lite fråver for ein student. Det inneber m.a. at studenten som står i fare for ikkje å få gå opp til eksamen pga for lite frammøte, skal ha melding om dette i så god tid at han/ho har sjanse til å hente seg inn att. Det fører til ei ganske krevjande rekneskapsføring for læraren sin del. I vår ordning er det studenten som har ansvar for å dokumentere frammøte og derfor har ikkje eg som fagleg ansvarleg plikt til å varsle nokon som står i fare for å kome under 80 prosent frammøte. At studentar som spør, får svar, er ei anna sak. Heilt frå innføringa av denne ordninga slo ho positivt ut på frammøtet. Nesten dobbelt så mange studentar møter til undervising på desse emna samanlikna med SRS102 og SRS103 der me har tradisjonelt friviljug frammøte.

Me innførte denne ordninga studieåret 05/06 og då prøva for SRS101 stod for døra i desember, fekk me ein del tilbakemeldingar frå studentar som ikkje hadde 80 prosent frammøte. Særleg enkelte nettstudentar opplevde at dei vart strafka for ikkje å ha høve til å møte til undervisinga. Vår forklaring er at det å ta prøva er den vanlege ordninga som alle i utgangspunktet skal ta slik at me sikrar at dei set seg inn i pensum. Dei som me veit har arbeidd med pensum gjennom undervisinga, meiner me å ha ei slik sikring for. Det var ikkje alle som vart overtydde den gongen, og derfor har me i åra etter lagt mykje vekt på å forklare bakgrunnen for ordninga med pensumprøve og fritak for dei som har godt frammøte. Å døme ut frå reaksjonar frå studentar, er ordninga no rimeleg godt forstått og akseptert.

*Tabell 5: Oversikt over gjennomføring av pensumprøver studieåra 2006/2007 og 2007/2008*

SRS101

| Semester | 1. prøve |          | 2. prøve |          | Slapp prøve |
|----------|----------|----------|----------|----------|-------------|
|          | Møtt     | Godkjent | Møtt     | Godkjent |             |
| H 06     | 43       | 36       | 9        | 7        | 24          |
| H 07     | 44       | 35       | 5        | 5        | 11          |

SRS104

| Semester | 1. prøve |          | 2. prøve |          | Slapp prøve |
|----------|----------|----------|----------|----------|-------------|
|          | Møtt     | Godkjent | Møtt     | Godkjent |             |
| V 07     | 24       | 16       | 6        | 6        | 14          |
| V 08     | 22       | 20       | 3        | 3        | 9           |

Av tabell 5 går det fram at studenttalet gjekk ned frå studieåret 2006/2007 til 2007/2008. Til det er å seie at me hausten 2006 heldt fram med å ta opp studentar to-tre veker inn i semesteret medan me hausten 2007 stoppa opptaket før studiestart. Den tidlegare slutten i opptaket i 2007 gjennomførte me for å finne eit meir høveleg studenttal enn tidlegare år slik at arbeidssituasjonen for lærarane kunne 'normaliserast'.

Emnet SRS102 vert avslutta med valfri skriftleg individuell eksamen eller munnleg eksamen og SRS103 vert avslutta med skriftleg, individuell eksamen. Det finst derfor ikkje fagleg grunnlag for å organisere pensumprøver til undervising for desse emna.

***Obligatorisk frammøte***

Me opplever at undervisinga ved stadig fleire fag på høgskulen vår vert gjort obligatorisk. Dette fører til at i dei tilfelle der våre studentar får overlapping mellom vår undervising og undervisinga ved eit anna studietilbod, går dei til undervisinga ved det andre studietilbodet. Dette vil stort sett gjelde studentar som tek fleire studiepoeng enn normal studiebelastning. Høgskulen har organisert dei valfrie studia i grupper slik at ein ikkje skal kunne velje studium der undervisinga overlappar. Men for studentar som tek ekstra studiepoeng vil ikkje denne sikringa fungere. Det kan også hende at enkelte studentar ønskjer sterkt å ta to fag som overlappar på timeplanen og finn ut at det kan late seg gjere sidan SRS-studiet ikkje har obligatorisk frammøte. Det kan vidare tenkjast at studentar let vere å møte opp til undervisingstimar der dei veit at det vert venta at dei skal yte litt ekstra. Eit døme frå hausten 2007 kan illustrere denne tanken. Me gjennomførte eit spesielt temaopplegg om demokrati. Temaet skulle avsluttast med at studentane presenterte eigne skriftlege arbeid i tillegg til at heile opplegget skulle evaluerast. To studentar møtte til dei timane der dette skulle finne stad. Deira første poeng i evalueringa var at studentdeltakinga hadde vore svært låg. Me ser dessutan at ein god del lærarstudentar tilbyr tenestene sine som lærarvikar for skuleverket i Volda og Ørsta, og då står dei friare til å ta vikartimar som kolliderer med vår undervising når me ikkje har krav til frammøte. Alt dette svekkar frammøtet til undervisinga vår og har ført til at me med verknad frå studieåret 08/09 innfører obligatorisk frammøte til all planlagd undervising i kvart av emna SRS101, SRS102, SRS103 og SRS104. Dette har store konsekvensar for opplegget vårt.

Me må skilje mellom lokale studentar og nettstudentar organisatorisk. Frammøteplikta kan berre gjelde dei lokale studentane. Nettstudentane skal framleis få tilbod om å ta del i undervising når det måtte høve for dei. Men for å hindre at alle studentane då melder seg som

nettstudentar for å unngå frammøteplikta, har me innført studieavgift for nettstudentane. Dei må betale 2 500 kroner for kvart 15 studiepoengsemne. Då må studentar som bur i eller nær Volda velje om dei vil betale studieavgift eller tilfredsstille frammøtekrevet. Denne ordninga vil krevje meir arbeid for lærarane. Dei må ta ansvar for dokumentasjonen av frammøtet, noko som også inneber varsling til dei som står i fare for å kome under streken. Dessutan er det mogleg at me bør lage ulike dokument som studiehjelp til nettstudentar og lokale studentar. Nettstudentane har behov for meir omfattande studiehjelpsdokument enn dei lokale studentane. Me vil også kunne oppleve at studentar møter til undervising berre for å dokumentere fysisk nærver og ikkje for å delta aktivt i læringsarbeidet. Det kan verte ei utfordring. Men ordninga har sine klare fordeler. Ei tydeleg deling i lokale og nettstudentar vil gje oss betre oversikt over studentane. Dette vil gjøre det lettare for oss å leggje til rette for gode studieløp for kvar gruppe. Så er det rimeleg å vente at studiekvaliteten vil stige med betre og jamnare frammøte til undervisinga. For dei som kjem under streken kan det vere snakk om differensierte reaksjonar. Dei som har eit frammøte mellom 70 og 80 prosent kan kompensere frammøteunderskotet med å ta den pensumprøva som nettstudentane skal ha på SRS101 og SRS104 og utføre eit anna kompenserande arbeid på SRS102 og SRS103. Det kan t.d. vere å svare skriftleg på eit utval studiespørsmål i studiehjelpsdokumentet. Dei som har eit frammøte under 70 prosent kan få tilbod om å søke overgang til status som nettstudent. Det vil koste pengar, men studiet kan likevel gjennomførast for vedkomande. Det trur me vil vere eit gunstig alternativ for enkelte.

## **Studieavgift for nettstudentar**

Høgskulen har opplevt problem når det har vorte lagt studieavgift på tilbod som kan veljast av folk som er inne i ei grunnutdanning på høgskulenivå, t.d. lærarutdanning. For ordinær fireårig allmennlærarutdanning skal vere gratis i Noreg. Me har derfor opplevt at lærarutdanningsavdelinga har mått betale studieavgifta for dei studentane som er inne i allmennlærarutdanninga. Dette vil ikkje vere noko problem i vårt tilfelle. Tilboden til lokale studentar er gratis, og dersom ein lærarutdanningsstudent vel å ta studiet som nettstudent, er det vedkomande sitt eige val og studieavgifta må betalast som 'lokaliseringeskostnad'. Denne ordninga inneber også at det berre vil vere for nettstudentar at det vil vere snakk om pensumprøve for SRS101 og SRS104, og det vil bety at færre enn i dag tek denne prøva, dermed vert det litt færre prøver å vurdere og gje tilbakemelding på, noko som sparer lærarane for litt arbeid. Eg nemner dette sjølv om denne innsparinga er marginal.

Høgskulen har ein felles praksis på storleiken av studieavgifta på studietilboda sine. Denne er for tida på 2 500 kroner pr 15 studiepoengsemne. Det var greitt for fagmiljøet vårt å sleppe å ta stilling til dette spørsmålet. Sjølv om det for vår del var innføringa av obligatorisk frammøte for lokale studentar som gjorde det nødvendig å innføre studieavgift, er det lett å sjå fleire fordeler med ei slik ordning. For det eine er det rimeleg å rekne med at potensielle studentar vurderer meir nøyne om dei skal starte på studiet. Det inneber mest truleg at me får ein mindre fråfallsprosent enn før i løpet av studiet, noko som i sin tur betyr at lærarane og administrasjonen bruker mindre arbeidsinnsats på studentar som ikkje fullfører studiet og såleis ikkje gjev oss utteljing i studiepoeng. Og for dei studentane som faktisk sluttar, sit me i alle fall att med den studieavgifta dei har betalt inn, for dei som sluttar av eige val får ikkje refundert studieavgifta. Utan studieavgift sit me att med lite og inkje anna enn gleda av å ha vore til ei viss hjelp for dei studentane som ikkje fullfører eksamen. Ordninga med ressurs-tildeling frå staten til høgskulen på grunnlag av studiepoengsproduksjon inneber ei tidsforskyving slik at høgskulen får ressursar over eit år etter at arbeidet er gjort. Ressurstildelinga for 2008 byggjer såleis på studiepoengsproduksjonen for 2006. Innbetalt studieavgift derimot

skjer det same kalenderåret som arbeidet vert gjort. Det styrkjer likviditeten på kort sikt og gjer det lettare å få til eit godt samsvar mellom behov og ressursinnsats for dei noverande studentane. Det beløpet høgskulen tek inn i studieavgift vert trekt frå løyvinga som studiepoengsproduksjonen gjev grunnlag for. Men så lenge dei studentane som betalar studieavgift ligg innanfor den studenttalsramma som gjev grunnlag for basisløyvinga til høgskulen, vil studieavgifta ikkje påverke basisløyvinga negativt når det gjeld desse studentane. Universitets- og høgskulesektoren har vidare fått klår melding frå departementet om at omfanget av aktivitet som gjev inntekter frå tenestemottakar må aukast i tida framover. Førebels ser HVO ut til å vere bra på høgde i så måte, men det kan likevel vere god strategi å ta til å venje folk i målgruppa vår til at studietilbod er noko ein må vere budd på å betale for. Førebels har me ikkje vore i front på dette feltet.

Som fagleg leiar for SRS-studiet har eg i løpet av dei siste to-tre åra ofte vore kontakta for informasjon om det nettbaserte studiet vårt. Ein gjengangar blant spørsmåla har vore kor stor studieavgifta er. Eg har nokså ofte registrert ei viss undring når eg tidlegare år har fortalt at det ikkje var studieavgift, og det er all grunn til å rekne med at ein del studentar har valt å studere hos oss fordi det er billegare enn mange andre stader. Derfor er det særleg spennande å sjå korleis innføringa av studieavgift påverkar søkerata. No når dette vert skrive i slutten av april 2008, har me berre fått førebelse tal frå Samordna opptak, lokalt opptak og internt fagval i allmennlærarutdanninga. Slik det går fram av tabell 6 er søkeratalet i år heilt på høgde med fjoråret samla sett. Nedgangen i søknader til årsstudiet over Samordna opptak frå i fjor til i år er kompensert med talet på søknader til nettstudiet som på grunn av den innførte studieavgifta vert registrert som lokalt opptak. Søkerata samla sett i år lovar derfor godt. Og dersom den tanken er rett at det er dei studentane som ikkje kjem til å fullføre som er mest skeptiske til å sökje studium med avgift, skulle det vere liten grunn til uro.

*Tabell 6: Tal på søkerar til SRS-studia studieåret 07/08 og 08/09 ved månadsskifte april/mai.*

|                            | 07/08         |                   |                      | 08/09         |                   |                      |
|----------------------------|---------------|-------------------|----------------------|---------------|-------------------|----------------------|
|                            | Års-studentar | Halvårs-studentar | Heilårs-ekvivalentar | Års-studentar | Halvårs-studentar | Heilårs-ekvivalentar |
| Samordna opptak            | 35            |                   | 35                   | 13            |                   | 13                   |
| Lokalt opptak              |               | 34                | 17                   |               | 43                | 22,5                 |
| Lokalt opptak, nettstudium |               |                   |                      | 20            |                   | 20                   |
| Fagval                     | 15            | 11                | 20,5                 | 13            | 11                | 18,5                 |
| Sum                        | 50            | 45                | 72,5                 | 46            | 54                | 73                   |

Ovanfor har eg hevda at det er rimeleg å vente at dei studentane som betalar studieavgift er meir motiverte og aktive studentar enn dei som ikkje betalar studieavgift. Då må me vere budde på at desse studentane også stiller sterkare krav til høgskulen sin innsats. Og høgskulen vil i denne samanhengen i stor grad vere me som er lærarar. Eg trur at det først er på følgjande felt at betalande nettstudentar vil stille krav til kvalitet:

- god og oppdatert praktisk informasjon på Fronter om t.d. undervisingsplan, pensumlister, arbeidskrav m.m.
- gode studiehjelps dokument
- god rettleiing på skriftlege arbeid
- god oppfølging av spørsmål og behov som studentar melder enkeltvis
- at initiativ og svar frå lærarane si side kjem i god tid

Dei tilbakemeldingane som me har fått frå studentane tyder på at det meste her er innanfor rekkevidde. Eg vil likevel peike på behovet for ein sams mal for studiehjelps dokumenta og at me bør drøfte behovet for å verte samde om nokre retningslinjer for kor raskt studentar skal få svar og tilbakemelding på spørsmål og skriftlege arbeid som dei presenterer.

## Gjennomstrøyming

Eg har laga eit oversyn over gjennomstrøyming og resultat til eksamen for studieåra 05/06 og 06/07 og dette er framstilt i tabell 7. Det same er framstilt i vedlegg 4, men då med absolutte tal.

*Tabell 7: Gjennomstrøyming og resultat for SRS-studia studieåra 05/06 og 06/07.*

| Studieår  | 05/06 | 06/07 |
|---|-------|-------|
| Studentar som opprettheldt si oppmelding til eksamen i prosent av dei som tok imot studieplass <sup>1</sup> | 88 %  | 86 %  |
| Frammøtte til eksamen i prosent av dei som var oppmelde   | 81 %  | 84 %  |
| Kandidatar som greidde eksamen i prosent av dei som møtte   | 95 %  | 98 %  |
| Samla gjennomføringsprosent (dei som greidde eksamen i prosent av dei som tok imot studieplass)             | 68 %  | 72 %  |

Den samla gjennomføringsprosenten ligg rundt 70 begge åra etter at avskalinga av studentar skjer i tre omgangar. Oppmeldinga til eksamen skjer automatisk når ein student tek imot studieplass, og om lag 10 prosent av desse melde seg av eksamen innan fristen begge åra. Så er det mellom 15 og 20 prosent av dei som er oppmelde til eksamen som ikkje møter. Endeleg er det om lag 5 prosent av dei som tek eksamen som ikkje får godkjent resultat (trekkjer seg under eksamen eller stryk). Det er viktig å leggje merke til at dei som er oppmelde til eksamen, men som ikkje møter, får dette registrert som sitt første forsøk på vedkomande eksamen, men desse studentane vert ikkje registrerte med stryk i karakterstatistikken. At dei trekkjer seg rett før eksamen, sparer oss for arbeid og utgifter til sensor, men denne ordninga fører også til at få studentar stryk. Strykprosenten vert stundom kunngjord i media og eg tvilar på at det er ein fordel for studiet at denne strykprosenten er svært låg. Det kan skape, eventuelt styrke, eit inntrykk av at dette er eit enkelt studium der det ikkje vert stilt særleg

<sup>1</sup> I praksis vert ein student oppmeld til eksamen når han/ho registrerer seg som student. Dersom ein registrert student ikkje aktivt trekkjer seg innan fristen på 14 dagar før eksamen, tel vedkomande som oppmeldt til eksamen.

strenge kvalitetskrav til kandidatane. Det kan påverke renommeet til studiet både blant potensielle studentar, framtidige arbeidsgjevarar, kollegaer i høgskule- og universitetssektoren, styresmaktene og folk flest.

Dette at om lag 10 prosent av studentane i løpet av semesteret finn at dei vil trekkje seg, kan tolkast på fleire måtar. Det kan vere at dei opplever studiet meir krevjande enn dei hadde tenkt då dei tok imot studieplassen, men det kan sjølv sagt også vere forandringer i livssituasjonen deira. Ut frå den kommunikasjonen eg har hatt med denne gruppa, gjer begge deler seg gjeldande. Dei som er oppmelde til eksamen, men som ikkje møter, oppdagar i seinaste laget at dei likevel ikkje har fått arbeidd nok til at dei vil prøve seg. Sjølv om enkelte av desse studentane kanskje kunne klare å få ein ståkarakter dersom dei møtte, er det rimeleg å rekne med at dei fleste ville kome til å stryke. Ut frå kontakt som lærarar har hatt med studentar som anten ikkje møtte, strauk eller fekk karakter i därlegaste enden av skalaen, har det slått meg kor lett mange tek dette. Sjeldan møter eg studentar som er misnøgde. Ofte gjev dei uttrykk for at dei tenkte at dei ville prøve seg, men så gjekk det altså ikkje så bra. Og mange gjev uttrykk for at dei gjerne vil prøve på nytt neste år. Mellom anna på denne bakgrunnen er det viktig at me passar på å få fram alle dei relevante tala slik at me ikkje underkommuniserer dei krava som vert stilte til studentane. Det vil kunne spare både oss og dei for unødig bry.

Når me ser det låge talet på stryk i samanheng med avskalinga i løpet av semesteret, er statistikken kanskje ikkje så illevarslande. Likevel må me sjølv sagt halde oppe krava til prestasjonane som skal til for å få godkjent resultat samtidig med at me gjev studentane den hjelpe som er rimeleg slik at dei med tilstrekkeleg innsats skal kunne gjennomføre studiet med godt utbytte.

## **Evaluering av studiet**

Det er viktig å stadig halde auge med korleis studiet fungerer både i stort og i smått. Viktige element i denne samanhengen er dei tilbakemeldingane me får gjennom faggruppe for studiekvalitet, skriftlege evalueringar og uformell kontakt med studentane. Tilbakemeldingane har så langt jamt over vore gode. Det gjeld både informasjon om og organisering av studiet, undervisinga i klassen og rettleiinga til dei skriftlege arbeida som studentane leverer. Tilbakemeldingane på rettleiinga har vore særleg gode og det kan vere verd ein ekstra kommentar. Det er nokre prinsipp for denne rettleiinga som me har prøvt å følgje og som eg trur er viktige for den opplevde kvaliteten studentane gjev uttrykk for. For det eine legg me vekt på at studentane skal få raskt svar, anten med ei fagleg tilbakemelding eller melding om at det vil ta litt tid før tilbakemeldinga kjem og kvifor dette er slik. Dette er elles i samsvar med forvalningslova som gjeld offentleg sektor (§ 11.a). For det andre er me ikkje redde for å gje konkrete råd både når det gjeld struktur, innhald og språk. Me ser på skriveprosessen som ein læringsprosess der me har den enkelte studenten i tale og at det derfor er viktig å gje han/henne gode faglege innspel. Rettleiinga skal sjølv sagt ikkje vere så omfattande, konkret og detaljert at læraren overtek ansvaret for oppgåva. Studenten skal sjølv presisere kva vedkomande ønskjer tilbakemelding på, og då er spørsmål av typen 'Ser dette greitt ut?' eller 'Er det spesielle manglar som eg bør rette opp?' ikkje gode utgangspunkt. Gjennom konkrete døme og enkelte tips prøvar me å leie studenten inn på eit godt spor, gje han/henne noko å byggje vidare på. Det er også ei rettesnor for oss å rettleie den enkelte studenten i forhold til det faglege nivået rettleiingsdokumentet har. Me rettleier med andre ord ikkje alle med tanke på toppkarakter, men til å gjere produktet noko betre. Tilbakemeldingane våre vert i stor grad gjeve skriftleg av to av lærarane, medan ein lærar helst brukar telefonen. Studentane gjev ofte uttrykk for at dei set pris på denne variasjonen. Styrken med skriftleg tilbakemelding er at

studenten slepp å hugse heile tilbakemeldinga. Dessutan kan rettleiinga dokumenterast i ettertid. Det har vore enkelte tilfelle der det har kome godt med. Ein annan fordel er at lærar og student ikkje treng å møtast samtidig. Det må dei når telefonen vert brukt. Men så har telefonen ein styrke i at kommunikasjonen går begge vegar der og då. Slik kan rettleiinga verte meir treffsikker både på å ta opp det som er viktig, og det er lettare å sikre seg at studenten forstår kva rettleiaren prøvar å formidle. Dei lokale studentane har sjølv sagt tilbod om rettleiing ansikt til ansikt, og dei fleste, men ikkje alle nyttar seg av det tilbodet.

Tilbakemeldingane om studiet som studentane gjev oss inneheld ofte ein del tips om korleis vedkomande års studentar opplever studiet og kva endringar som bør gjerast. Endringar som studentane foreslår gjeld gjerne vektning av ulike moment og innfallsvinklar til stoffet. Formativ vurdering har mykje å seie i denne samanhengen. Studieåret 06/07 presiserte studentane i faggruppa for studiekvalitet at dei ønskete stor vekt på didaktisk refleksjon og størst mogleg breidde i metodiske tips i undervisinga vår. Studieåret 07/08 har studentrepresentantane lagt meir vekt på det faglege innhaldet i undervisinga og åtvarar oss mot å bruke mykje undervisingstid på enkle arbeidsoppgåver som studentane sjølv kan bruke i barneskulen når dei skal arbeide som lærarar. Dette dømet illustrerer kor feil det ville ha vore om me på grunnlag av tilbakemeldingane i 06/07 la opp til ekstra stor vekt på didaktikk i 07/08.

Studentane er elles godt nøgde med koplinga vår til læreplanen i grunnskulen, og me har ved fleire høve fått rapportar om at dei har opplevt å ha stor fagleg tryggleik når dei har hatt lærarpraksis i samfunnsfag.

Gjennom åra har samfunnsfaget vore eitt av dei faga som har rekruttert godt med studentar. Dette er ein trend som gjeld nokså generelt i Noreg, og det er greitt å registrere at vårt studium er ikkje noko unnatak. Me har drøfta ein del kvifor dette er slik. Sidan me veit at nøgde studentar bidreg til god rekruttering, må me ha lov til å rekne med at mange er nøgde med studiet. Men det er ikkje lett å vite kvifor studentane er nøgde. Det er lov å håpe på at mange finn faget interessant og viktig og opplegget vår godt. Samtidig kan me ikkje sjå bort frå at dette faget vert oppfatta som enkelt sidan det er eit fag som me kan lære mykje om i vårt daglege virke, gjennom media, på reiser, under diskusjonar, kort sagt gjennom det å leve i samfunnet vårt. For å unngå at faget skal misse respekt gjennom å vere for lett, tek me stadig opp dette spørsmålet både formelt og uformelt med enkelte og grupper av studentar. Signalar er ikkje eintydige. Fleire melder at dei opplever faget som svært omfattande og samansett av mange deler slik at det er vanskeleg å sjå samanhengane medan andre ikkje har nemnande problem med faget. Som fagleg leiar opplever eg ganske ofte, og særleg i andre halvdel av haustesemesteret, at studentar tek kontakt for å få råd om kva dei bør gjere når dei no har oppdaga at samfunnsfagstudiet er meir arbeidskrevjande enn dei trudde då dei tok imot studieplassen. Enkelte prøvar seg også på å foreslå ordningar der me skal sjå mellom fingrane med arbeidskrav og kvalitetskrav til eksamen 'fordi dei har så mange andre plikter i tillegg til studiet'. Eg byggjer på slike erfaringar når potensielle søkerar til studiet tek kontakt og lurer på kor mykje dei kan nå over av alle slags aktivitetar som lønsarbeid, stelle heimen, følgje opp born og eigne fritidsaktivitetar i tillegg til å klare studiet. Mitt råd er stort sett at dei bør rekne med at kvart 15 studiepoengs emne vil krevje rundt 400 arbeidstimar. Eg meiner faktisk at det er eit godt råd sjølv om eg veit at mange studentar står til eksamen med mindre innsats. Samla har me funne liten grunn til å tru at den gode studentrekryteringa i særleg stor grad kan forklarast med at studiet vert oppfatta som lett, men det er all grunn til å vere vaken også på dette punktet.

Når me evaluerer studiet, kan me ikkje sjå bort frå eksamensresultat og slike går fram av tabell 8. Gjennomsnittskarakteren er C, noko som er å vente når karakterane til mange studentar vert slegne saman. Tabellen viser elles at C både er den karakteren som flest studentar har fått og at karakterane fordeler seg ganske jamt på begge sider av C-en, men likevel med ei forskyving mot den svake sida av midten. For den enkelte studenten vert resultatet på kvart emne ført på vitnemålet slik at me der unngår denne samlinga om C-en. Slik skal også karakterane gje eit bra nyansert bilet av den kompetansen som kvar kandidat har tileigna seg.

*Tabell 8: Karakterfordeling til eksamen for studieåra 2005/2006 og 2006/2007, absolutte tal og gjennomsnittskarakter for dei same åra.*

#### Studieåret 2005/2006

|        | A  | B  | C  | D  | E  | F eller<br>avbroten<br>eksamen | Gjennomsnitts-<br>karakter |
|--------|----|----|----|----|----|--------------------------------|----------------------------|
| SRS101 | 3  | 18 | 40 | 13 | 1  | 1                              | C                          |
| SRS102 | 0  | 18 | 14 | 13 | 13 | 8                              | C                          |
| SRS103 | 1  | 5  | 13 | 12 | 4  | 0                              | C                          |
| SRS104 | 8  | 7  | 13 | 8  | 0  | 2                              | C                          |
| SUM    | 12 | 48 | 80 | 46 | 18 | 11                             | C                          |

#### Studieåret 2006/2007

|        | A | B  | C  | D  | E  | F eller<br>avbroten<br>eksamen | Gjennomsnitts-<br>karakter |
|--------|---|----|----|----|----|--------------------------------|----------------------------|
| SRS101 | 1 | 24 | 31 | 12 | 0  | 0                              | C                          |
| SRS102 | 0 | 10 | 21 | 18 | 8  | 2                              | C                          |
| SRS103 | 2 | 6  | 10 | 11 | 5  | 1                              | C                          |
| SRS104 | 0 | 8  | 17 | 6  | 1  | 0                              | C                          |
|        | 3 | 48 | 79 | 47 | 14 | 3                              | C                          |

### **Vidareutvikling av studiet**

Sjølv om den nye strukturen i studiet har vore ganske fast sidan 2003/2004, er det heile tida snakk om å vidareutvikle studiet. Til grunn for vidareutviklinga ligg slike evalueringsmoment som det er gjort greie for ovanfor saman med vår vurdering av andre erfaringar som vert gjorde, endringar i rammeplanar for allmennlærarutdanninga, endringar i skuleverket, utvikling innan fagfelta, særleg der dette syner att i ny og aktuell litteratur og generelle samfunnsendringar. Etter implementeringa av revisjonen av studiet i 2003, har dei viktigaste vidareutviklingstiltaka vore følgjande:

- ekskursjonen til Kenya
- entreprenørskap inn i utdanninga
- styrking av demokratiperspektivet i studiet
- skriving av tekstar som kan inngå i pensum
- vidareutvikling av studiehjelps dokumenta
- styrking av fagdidaktikkperspektivet i geografi og samfunnskunnskap (i historiedelen har dette vore sterkt heile tida)

- innføring av pensumprøve og unntak frå denne prøva for dei som har 80 prosent eller meir frammøte til den planlagde undervisinga
- skilje mellom nettstudentar og lokale studentar frå hausten 2008, noko som førte til
  - o innføring av obligatorisk frammøte for lokale studentar
  - o innføring av studieavgift for nettstudentar

Eg vil i det følgjande kommentere kvart av desse med unnatak av dei to siste, som allereie er ganske grundig omtala lenger framme i dokumentet.

### ***Ekskursjonen til Kenya***

Medan eg budde i Kenya (2000–2002) fungerte eg som kjentmann for ein ekskursjon for studentar i samfunnsfag og kristendom frå Høgskulen i Volda. Turen varte i fire veker, og eg var med i knappe to veker. Dette gav meirsmak slik at då me reviderte studiet i 2003, bygde me opp SRS104 slik at det kom til å innehalde eit tilbod om studietur til Kenya. I tillegg til eit fråver heimanfrå på 4-5 veker inneber ekskursjonen eit utlegg for kvar student på om lag 15 000 kroner. Derfor må dette vere eit friviljug tilbod. Dei som ikkje er med, får eit anna opplegg.

Opplegget for ekskursjonen vår følgjer det same hovudmønsteret år for år og vart gjennomført i januar/februar i 2004, 2005, 2006 og 2007. Turen var også planlagd for 2008, men på grunn av uroa som var i landet etter presidentvalet i desember 2007, vart turen først utsett og så avlyst. Dei studentane som hadde meldt seg til tur i 2008, får tilbod om å vere med i 2009 når me vil prøve oss på nytt. Programmet for den siste turen som me gjennomførte (år 2007) er vedlegg 5 i dette dokumentet.

Eg fekk ansvar for denne ekskursjonen. Eg har heile tida vore open på at eg i stor grad nyttar meg av dei kontaktane eg opparbeidde i den tida familien vår budde i Kenya. Sidan eg den gongen arbeidde for Norsk Luthersk Misjonssamband, har mange av desse kontaktane tilknyting til denne misjonsorganisasjonen. Alle vil forstå at dette gjev opplegget ei viss verdiladning og studentane får klar melding om det før dei melder seg på. Kontaktane mine gjev oss innpass i ein del miljø og kontakt med ein del personar som turistar til vanleg ikkje møter. I tillegg til dei gamle kontaktane mine, utvidar eg stadig krinsen min slik at variasjonen i dei miljøa me oppsøkjer etter kvart vert større.

No er det mange grupper av studentar og folkehøgskuleelevar som er på ekskursjonar i Kenya. Dei fleste av dei som eg kjenner til, brukar relativt mykje tid på nokre få plassar medan me har lagt opp til eit breiddeprogram der me dekkjer store avstandar og er innom mange ulike typar miljø. Hovudelementa i ekskursjonen er som følgjer:

- me brukar ein del tid i Nairobi for å gjere oss litt kjende med klima, folk og forhold
- me vitjar ein del institusjonar som skular, lærarutdanningsinstitusjonar, kyrkje, sosiale institusjonar, viktige historiske stader og internasjonale institusjonar (FN hovudkvarteret)
- me gjer oss litt kjende både med bylivet og livet på landsbygda
- me opplever landet frå vest til aust i den sørlege (mest folkerike) delen av landet, det gjeld fjellandet i vest, området ved Victoriasjøen, høglandet vest for Mount Kenya og kysten ved Mombasa
- me oppsøkjer fleire nasjonalparkar for å oppleve dyreliv, planteliv og spesiell topografi. Dei som ønskjer det får høve til å gå på ein av dei høgste toppane på Mount Kenya på om lag 5000 moh.

- me vitjar ulike sosiale miljø, ein slum i Nairobi, gategutar i Makutano (Pokot), Landsbymarknad i Lomut, landsbygda i Pokot (Vest Kenya), Muranga (Highlands) og Wasini (kysten)
- me vitjar ulike typar næringsverksemder som t.d. fiskeforedling, tefabrikk, kaffifabrikk og suvenirproduksjon (særleg treskjering)
- me har ein del undervising m.a. om norske hjelpeorganisasjonar som arbeider i Aust-Afrika, demokratiutvikling i Kenya, folkeleg kultur i Pokot og fagleg seminar ved Kenyatta University

Detaljane varierer frå år til år. Dei erfaringane som vert gjorde eit år vert tekne omsyn til neste gong. Det inneber at det er somme plassar eg syter for at me kjem attende til, medan det er andre stader me varierer på. Når det gjeld skulevitjingar t.d. opplever me ganske stor skilnad frå skule til skule. På nokre skular fungerer vitjinga svært godt og desse vil me gjerne halde kontakta med over tid. Men så har me også opplevd at når me kjem attende til den same staden år etter år, så oppstår det ein viss slitasje ved vedkomande skule, og då er det tid til å gjere eit byte. Enkelte skular gjev uttrykk for at det er ei storhending for dei å få vitjing, og det får meg til å tenkje at det i seg sjølv kan vere ein grunn til å variere, slik at fleire kan få del i denne gleda.

Studentane som er med berre ein gong, har ikkje særleg behov for variasjon frå år til år. Men eg som er med kvart år, kan ha dette behovet. Og så er eg heile tida på utkikk etter nye stadar å vitje og nye opplegg. Eit år vitja me t.d. Lake Magadi sør for Nairobi, nær grensa til Tanzania. Dette er ein av dei varmaste og tørraste plassane i Kenya og det er ein fabrikk der som produserer salt frå vatnet i sjøen. Byen er bygd opp med bustader for dei som arbeider der og minner på mange måtar om Longyearbyen på Svalbard. I tillegg er det ei varm kjelde der. I tillegg kan me vitje Olorgesailie Prehistoric Site der ekteparet Leakey i 1942 grov ut det som vert rekna for å vere bustaden for menneske for 200 000 år sidan. Mykje av dette var interessant, men det vart for mykje køyring på ein dag i den høge temperaturen, så dette har me gjort berre ein gong. Men vitjinga av Menengai krateret ved Nakuru, det nest største på det afrikanske kontinentet med sine 90 kvadratkilometer, som me vitja i 2006, er sikra fast plass på programmet. I 2004 hadde eg lagt opp programmet slik at me var nokre dagar i Nairobi etter at me hadde kome attende frå Mombasa. Det var ikkje vellukka. Då var studentane trøytte, og sjølv om me hadde ein del fagleg program i Mombasa, gjorde nok livet på luksushotellet ved stranda til Det indiske hav sitt til at dei kom ganske langt over i feriemodus, og då var det ikkje lett å dra dei ut av denne. Dette var dei også heilt opne på sjølve, så etter den tid har eg alltid lagt Mombasa-delen av ekskursjonen heilt mot slutten.

Kontakta med Kenyatta University (KU) er verd ein eigen kommentar. Eg etablerte kontakta med dette universitetet i den tida då eg budde i Nairobi. Derfor var det naturleg å invitere ein lærar derifrå til å førelese for oss om nyare kenyansk historie og den aktuelle politiske situasjonen. Det fungerte greitt, men me ville gjerne møte studentar frå universitetet også. Så eitt år organiserte me saman eit seminar om det same temaet. Me laga eit program der fleire professorar ved KU heldt sine innlegg og der studentane våre og ei gruppe av studentar frå KU skulle møtast i grupper for å drøfte nokre spørsmål på bakgrunn av presentasjonane. Opplegget var bra i teorien. Men det syntet seg for det første at studentane våre ikke hadde like godt grep om det engelske språket som KU-studentane og i tillegg dreia diskusjonen seg om Kenya så også på det feltet hadde kenyanaane 'overtaket'. Studentane våre tykte at dei fall mykje gjennom i dette seminaret, men heilsapsinntrykket vart bra fordi vertane hadde organisert eit selskap på slutten av dagen der dei baude både på musikk, mat og uformell konversasjon. Det neste året vred me litt på opplegget slik at me hadde førelesingar om

levekår og samfunnsforhold både i Kenya og i Noreg, og studentane vart såleis mykje meir jambyrdige under gruppedrøftingane. Noko av det som tydelegvis var mest positivt ved desse seminara var nettopp det at studentar frå HVO og ved KU møttest og kunne diskutere. Me vil byggje vidare på dette, slik at opplegget for 2008 gjekk ut på at me skulle utvide seminaret frå ein til to dagar. Me var samde om å setje særleg fokus på landbruk i Kenya og Noreg, og hadde mellom anna lagt opp til eit par gardsvitjingar der studentane skulle operere i grupper med deltararar frå begge landa i kvar. Dessverre fekk me ikkje prøvd ut dette pga avlysinga, men me vil prøve på nytt neste år.

Me samordnar alltid måten å dokumentere ekskursjonen på. Enkelte studentar og lærarar få som oppgåve å ta eit særleg ansvar for å ta biletet. Desse vert samla på ei cd-rom-plate slik at alle deltararane får sitt eksemplar.

Studentane skal skrive ei semesteroppgåve som vert vurdert med karakter i emnet SRS104. Dei vert oppmoda om å samle informasjon til denne semesteroppgåva under vegs, og mange nyttar seg av dette. Så går det på omgang mellom studentane å skrive referat frå førelesingane som me får del i under ekskursjonen. Tanken har vore å setje dette saman til eit felles dokument som eit felles minne. Dette vart gjort i 2004 då me laga ein studietrapport som vart kalla 'Norske studentar i møte med det kenyanske samfunnet. Rapportar frå ein studietur til Kenya februar 2004'.

Det same året tok eg også initiativ til at alle lærarane som var med på ekskursjonen, fire i alt, også skulle skrive ein artikkel eller liknande for å dokumentere kva me hadde opplevd og fått med oss frå turen. Dette kom ut som arbeidsrapport nr. 169 ved Høgskulen i Volda / Møreforsking Volda med tittelen 'Studietur til Kenya 2004. Lærarane rapporterer.' Her skreiv eg sjølv to artiklar, ein om å reise på studietur til eit framandkulturelt land, eit tema som eg seinare arbeidde meir med presenterte som artikkel både i 'Geografi i Bergen' og i Norsk Geografisk Tidsskrift. Den andre artikkelen bygde på dei skulevitjingane me gjennomførte og fekk tittelen 'Skulevitjingar – ein ressurs for framtidig læringsarbeid.'

Dei seinare åra har det ikkje vore gjort tilsvarende dokumentasjonsarbeid med skriftlege rapportar. Litt av grunnen kan vere at me i åra etter berre har hatt med samfunnsfagstudentar og dermed har me berre vore to lærarar og det har gjeve mindre tid til fagleg arbeid på den måten. Litt av forklaringa kan også vere at når ein gjennomfører ein såpass stor tur kvart år på rad, så vert nyhendevertet mindre og rutinetenkinga får meir plass for lærarane sin del.

Faren for at rutinetenkinga får for mykje plass, har fått meg til å tenkje at tida gjerne er inne for å bytte på ansvaret for studieturen. I 2007 var eg sjølv berre med på dei to første vekene, medan Bjørn Gunnar Tafjord tok ansvaret for gjennomføringa for den andre halvdelen. I 2007 var også kollega Leif Sletvold med på den første delen og planen var at han skulle vere med på den andre delen i 2008. Planen vidare var då at Tafjord (som har vore med kvart år) og Sletvold så skulle ta ansvaret for heile turen i 2009. Med avlysinga i 2008 er det rimeleg å rekne med at denne overtakingsplanen må utsetjast eitt år.

### ***Entreprenørskap i utdanninga***

Bjørn Gunnar Tafjord har over ei årrekke arbeidd med temaet pedagogisk entreprenørskap. Han meiner at saman med innovasjon så er entreprenørskap noko som kan bidra med moglege svar til det meste av regionale og nasjonale utfordringar. Det vert hevda at entreprenørskap er ein viktig faktor med tanke på nytenking og vekst og mange land ønskjer seg derfor ein kultur som er meir open for entreprenørskap. Dette representerer ei tenking og ein innfallsinkel

som legg vekt på det kreative, aktiv deltaking, å utnytte laglege høve og å lære gjennom oppdaging. Kort sagt dreiar det seg mykje om å kome frå ord til handling. Gjennom arbeid med pedagogisk entreprenørskap skal ein tilegne seg sosial kompetanse, metodekompetanse og fagleg kompetanse. Arbeidet med entreprenørskap knyter seg tett opp til elevbedrift som arbeidsmåte i læringsarbeidet. Dette temaet har derfor potensiale både som lærarutdanning og som samfunnsfag og det er nemnt både i Kunnskapsløftet (i prinsipp for opplæringa, under overskrifta 'Samarbeid med lokalsamfunnet') og i rammeplanen for allmennlærardanninga (under overskrifta 'Å være lærer i samfunnsfag'). Me har derfor gjeve entreprenørskap plass både i undervisinga og i pensum. Dette temaet vart også drege inn i demokratiprosjektet som me har samarbeidd med Chancellor College om. Der støtte me på såpass sterkt engasjement, at me har etablert eit prosjekt i liten målestokk om pedagogisk entreprenørskap og dette prosjektet held fram etter at det større demokratiprosjektet vart avslutta tidleg på året 2008.

### ***Styrking av demokratiperspektivet i studiet***

Demokrati har heile tida vore eit sentralt tema i studiet vårt. Dette temaet har også fått aukande vekt i dei rike landa sitt forhold til dei fattige landa, ikkje minst i Afrika. Dette var ein av grunnane til at når me skulle sjøkje om midlar til eit partnarprosjekt saman med Chancellor College ved universitetet i Malawi, så var demokratiperspektivet i lærarutdanningane våre det som vart valt blant fleire alternative tema. Prosjektet fekk namnet 'Capacity Building for Democracy in Teacher Training – Malawi and Norway'. I løpet av prosjektperioden jobba me litt ekstra med dette temaet også innanfor SRS-studiet. Me gjennomførte ei intern spørjeundersøking om demokrati blant eigne studentar og ei tilsvarende undersøking ved Volda vidaregåande skule hausten 2006. Nokre av studentane våre var medhjelparar i den sist nemnde m.a. fordi me tenkte at dette var ein måte å gjere studentane våre kjende med litt av det FoU-arbeidet lærarane gjorde. Fleire av dei artiklane som vart utarbeidde som del av prosjektet vart også innarbeidd som ein del av pensum i SRS103 hausten 2007. Det vart også eit av måla for prosjektet å utvide både undervisningstida og mengd av pensum som vart sett av til dette temaet i studiet vårt. Dette vart gjort gjeldande hausten 2007. For meir informasjon om dette viser eg til boka 'Learnining Democracy. A Resource Book' og til artikkelen 'Partnership North – South. Reporting from a project'.

### ***Skriving av tekstar som kan inngå i pensum***

Som nemnt ovanfor er det ikkje alltid så lett å finne høveleg pensumlitteratur til studiet, og då kan det vere freistande å skrive sjølv. Å bruke tekstar frå eige FoU-arbeid som pensum er sjølvsagt ein måte å gjere studentane kjende med denne sida av det faglege arbeidet vårt, noko som er eit uttalt mål ved høgskulen. For å hindre uheldig einsretting og for dårleg kvalitet på slik litteratur, krev HVO at slike tekstar skal vere vurderte av minst ein ekstern fagperson. Så langt er det følgjande skrifter som er tekne inn i pensum og som er skrivne av eigne folk:

- O R Hunnes: 'Ekskursjon til framandkulturelt land. Kvifor, kva og litt om korleis'
- O R Hunnes: 'So what is democracy about?'
- B Løvlie: 'To legitimate Power or to be a prophetic Voice – a Choice for Churches'

I tillegg vart det gjeve ei skriftleg oppgåve hausten 2007 der eit dokument var heilt grunnleggjande. Så sjølv om det ikkje direkte var pensum, kan det likevel seiast å vere ein integrert del av studiet. Det gjeld:

- E Indresøvde: 'Democracy in Norway in a Historical Perspective'

Alle dei tre sist nemnde dokumenta er kapittel 'Learnining Democracy. A Resource Book'.

## ***Vidareutvikling av studiehjelpsdokumenta***

Som eg har nemnt tidlegare i dette dokumentet, har truleg det meste skrivearbeidet som lærarane har gjort i samband med SRS-studiet, vore knytt til studiehjelpsdokument. Så langt har me ikkje gjort så mykje for å samordne desse dokumenta med tanke på innhald og omfang anna enn at me har vore samde om at dei bør innehalde studiespørsmål til det pensumet som knyter seg til vedkomande tema. Med innføring av studieavgift for nettstudentar, kan me rekne med større forventingar frå desse studentane når det gjeld hjelp og støtte i studiearbeidet. Tida kan derfor vere inne til å ta opp denne diskusjonen.

For min eigen del har eg lagt opp til ein mal som gjer at dokumentet for kvart tema til vanleg skal innehalde

- a) ein kort presentasjon av vedkomande tema
- b) studiespørsmål og eventuelle arbeidsoppgåver
- c) oversikt over det pensumet som knyter seg til vedkomande tema
- d) tips om eventuell relevant litteratur til vidare lesing

Når eg ser på dei studiehjelpsdokumenta som eg har laga, er det tydeleg nok at dei kan variere ganske mykje både når det gjeld omfang og vinkling i innhaldet. I nokre tilfelle har eg lagt meg tett opp til pensum og peikar på ein del sentrale punkt der, kanskje med nokre eigne kommentarar innimellan. I andre tilfelle skriv eg ein god del som ikkje peikar så rett på pensum, men som tek opp sider ved temaet som gjerne ikkje er så godt dekt i pensum og som eg tykkjer er sentrale. Og så finst det mange døme på dokument som plasserer seg ein stad mellom desse ytterpunktene. Eg kan vitne om at det å lage første versjon av eit studiehjelpsdokument er arbeidskrevjande, og di meir eg skriv utanom pensum, di meir krevjande er det. Det arbeidet som er lagt ned i den første versjonen fører sjølvsagt til at neste års versjon krev mykje mindre arbeid. Men sidan det alltid er eit mål å operere med så oppdatert informasjon som råd, går det til vanleg med ein god del tid til å lage årets utgåve.

Spørsmålet om nettstudentane og dei lokale studentane skal få lagt ut dei same dokumenta på Fronter bør diskuterast. Eg står fast ved det eg har skrive ovanfor om at nettstudentane har større behov for at studiehjelpsdokumenta er meir omfattande enn dei lokale studentane sidan dei sist nemnde er med på undervisinga. Dersom desse dokumenta er lagt ut på Fronter før undervisinga, kan også undervisinga fortone seg som unødvendig repetisjon for dei som har lese dokumentet på førehand (og det må det vere ønskjeleg at dei gjer). Det går sjølvsagt an å leggje opp undervisinga med stor studentaktivitet som det føreset at alle, eller i alle fall dei aller fleste, studentane har lese Fronter-versjonen før undervisinga vert gjennomført.

Erfaringa mi så langt tyder på at det kan verte vanskeleg å få til.

Ei positiv side ved å leggje ut omfattande dokument også for dei lokale studentane er at det gjev oss ein ganske stor fridom under sjølve undervisinga. Studiet vårt er no lagt slik opp at lærarane stort sett tykkjer at me får for lite tid til å gå gjennom det viktige stoffet som studiet inneheld. Av dette følgjer gjerne den tanken at me må førelese mykje fordi dette synest å vere den undervisingsforma som let oss dekkje mest fagstoff i løpet av den tilmalte tida. Men einvegs formidling i form av førelesingar med mykje fagstoff på kort tid er neppe alltid den mest effektive læringsmåten sett frå studentane si side. Det bør vere rom for å følgje opp spørsmål og innspel som spontant kjem opp under undervisinga. Læraren bør stundom leggje opp til studentaktivitetar som arbeidsoppgåver o.l., sjølv om dette ofte tek meir tid enn læraren tykkjer at han/ho kan ta seg råd til, sett i lys av alt fagstoffet som studentane bør møte. Varierte og eksemplariske arbeidsformer skal vere ein viktig kvalitet ved undervisinga vår.

Poenget mitt i denne samanhengen er at dersom studentane har tilgang på eit omfattande studiehjelpsdokument på Fronter, treng ikkje læraren vere så uroleg for om han/ho gjennom undervisinga kvar gong når over alt det som var ønskjeleg. For studentane kan supplere det som skjer i klasserommet med det dei finn på Fronter. Og dersom læraren syter for å leggje dokumentet ut på Fronter etter at undervisinga er gjennomført, så kan den enkelte student sjølv velje om han/ho vil repetere og supplere stoffet eller om undervisinga gav dei god nok hjelp til å setje seg inn i pensum. I dei tilfella at læraren ønskjer å leggje opp til arbeidsmåtar som føreset at studentane har lese studiehjelpa på førehand, må sjølvsagt dokumentet leggjast ut tids nok og studentane få klår informasjon om at studiehjelpsdokumentet er lagt ut og kvifor det er lagt ut.

### ***Styrking av fagdidaktikkperspektivet***

I ganske mange år har me hatt lærebok i didaktikk både innanfor historie og samfunnskunnskap, først i 2005 fekk me også ei i geografi. Som det går fram andre stader i dette dokumentet, har eg arbeidd for å kompensere mangelen på høveleg litteratur gjennom artiklane eg har skrive om ekskursjon til framandkulturelt land og eit ganske omfattande studiehjelpsdokument om geografiens innhald og metode. I tillegg kjem det mest omfattande arbeidet vårt når det gjeld didaktikk, som er boka 'Learning Democracy'. Eg har skrive ein artikkel om skulevitjingar under ekskursjonar til Kenya og Bjørn Gunnar Tafjord har gjort videoopptak frå det same. Dette kan også takast som ein dokumentasjon på det didaktiske engasjementet i fagmiljøet vårt. Det same vil eg gjere gjeldande for den plassen me har gjeve til pedagogisk entreprenørskap både i undervisinga vår og i det framhaldande partnersamarbeidet med kollegaer ved Chancellor College ved universitetet i Malawi.

Eivind Indresøyde, som underviser i historie og ein del samfunnskunnskap, har lenge vore den fremste didaktikaren blant oss. Han brenn spesielt for denne delen av studiet, og er ei stor kjelde til inspirasjon for oss andre. Me opplever at me stadig drøftar didaktiske spørsmål i våre mange små samtalar i løpet av dagane og det gjer oss meir medvitne om det didaktiske perspektivet i undervisinga vår. Dette inneber m.a. at når undervisinga vert førebudd, er det å førebu det faglege innhaldet berre den første delen av arbeidet. Den andre delen er å tenkje gjennom kva arbeidsformer det er tenleg å bruke. Såleis vert ein dobbelttime (2 x 45 minutt) sjeldan gjennomført utan ei eller fleire økter med studentaktivitet. Ofte vert også arbeidsmåtan som er brukte drøfta med studentane mot slutten av ei undervisingsøkt, for både lærar og studentar treng å vurdere kva arbeidsmåtar som fungerer godt, kva som gjer at dei fungerer godt og kva me kan lære av dei arbeidsmåtan som ikkje har vore så vellukka.

Eit utslag av ønsket om å styrke fagdidaktikken er at eit par av lærarane ved dette studiet frå hausten 2008 går inn i den såkalla 'vurderingsgruppa' ved lærarutdanninga i Volda. Dette er ei gruppe fagfolk som er samde om å arbeide spesielt med elevvurdering i ei tid framover. Tanken er at desse personane skal kunne vere med som ressurspersonar i forhold til utviklingsprosessar i skuleverket i fylket vårt når det der vert arbeidd spesielt med elevvurdering. I tillegg til at me vonleg kan vere til ei viss hjelp for dei aktuelle skulane, vil eit slikt samarbeid gje oss oppdatert kunnskap om skuleverket og om temaet elevvurdering. Dette gjev oss så eit sikrare grunnlag for å ta opp dette temaet med studentane våre i lærarutdanningane.

Gjennom mange år har faglærarane hatt som oppgåve å følgje opp praksisundervisinga for lærarstudentane. Det inneber m.a. at ein faglærar vitjar studentane der dei har praksis. Me har i tillegg gjeve studentane i oppgåve å skrive ein rapport om eit samfunnsfagleg perspektiv med bakgrunn i det dei opplever i praksis. I haustsemestret har det fungert greitt i eit to-tre

år. Men då me våren 2008 la opp til ei tilsvarende ordning, bad studentane oss vurdere om det var plass til ein slik rapport innanfor eit rimeleg arbeidsomfang for dei. Objektivt meinte me at det var slik plass. Men ved nærmare undersøking viste det seg at andre fagstudium ikkje hadde slik rapportering. Då fann me det urimeleg at studentane våre skulle verte pålagde denne oppgåva som dei andre ikkje hadde. Dermed vart oppgåva trekt – for denne gongen. Dette vart ei påminning om noko som me kjenner godt til, at slike arbeidsoppgåver i samband med praksis må samordnast med dei andre faga som er inne i praksis. Spørsmålet om rapportering frå praksis bør derfor takast opp til drøfting på eit høveleg årstegsgruppemøte i allmennlærarutdanninga.

### **Drivkrefter bak utviklinga av studiet**

Det er sjølv sagt vanskeleg å gjere greie for kva krefter som har vore med på å drive fram det utviklingsarbeidet som har funne stad i løpet av dei åra dette notatet dekkjer (2003–2008). Som ei støtte i vurderingane mine på dette planet, vil eg peike på ramme faktortoreoretisk tenking, det Urban Dahllöf omtalar som 'ett betonande av en interaktion mellan ramar, prosesser og resultat' (1998: 25). Kvalsund (1998: 57) skriv at denne tenkjemåten, eller perspektivet opnar for at 'Ut frå historisk gitte resultat må vi altså konstruere kva rammevilkår og formidlande prosessar som kan ha skapt desse resultata.' Sidan eg så langt stort sett har skildra ein kombinasjon av utviklingsprosessane og resultata som er komne ut, vil eg under denne overskrifta ha klårast fokus på dei rammene som i stor grad har gjort seg gjeldande i denne tida, og viktige endringar i desse.

Som nemnt ovanfor, byggjer Skuleretta samfunnsfag på rammeplanen for allmennlærarutdanninga der den siste versjonen kom i 2003. I tillegg ligg studiet tett opp til undervisingsfaget i grunnskulen, L97 frå 1997 og Kunnskapsløftet frå 2006 (KL06). Dei forandringane som kom i rammeplanen av 2003 og i KL06, medførte nokre justeringar for studiet når det gjeld val av tema og vinkling av lærestoffet. Dette kjem kanskje særleg til syne i auka vekt på didaktikken innanfor studiet.

Kvalitetsreforma, som vart innført hausten 2003, har også representert nye rammer for oss, som for all høgare utdanning. I sin presentasjon av Kvalitetsreforma skriv Kunnskapsdepartementet (2008): 'Sentralt i reformen står ny gradsstruktur, tettere oppfølging av studentene, nye eksamens- og evaluatingsformer, ny studiestøttordning og økt internasjonalisering.' Noko av det som ser ut til å ha hatt mest tydelege følgjer for oppleget vårt, er omlegginga av studiefinansieringa der studiepoengproduksjon fekk ei avgjerande rolle. I motsetning til tidlegare, slår no omfanget av studentopptaket og gjennomstrøyminga i studiet direkte ut i ressurstildelinga til studiet. Vår måte å møte dette på har særleg vore at me legg opp til fleksibilitet i tilgjengen til studiet og har auka innsatsen vår for at studiet skal ha høg kvalitet. Så langt har me lukkast bra slik at me har hatt tilstrekkeleg tilgang på studentar og gjennomføringa har vore rundt 70 prosent av dei som tok imot studieplass. Det skal verte spennande å sjå om denne prosenten vert rimeleg stabil i framtida. I så fall har me erfaringstal å støtte oss til når opptaket skal dimensjonerast. Me veit at studentane fort kan endre åtferd, så slike erfaringstal må koplast til ei heilskapleg vurdering ved opptaket kvart år. Faglærarane har stundom stilt seg spørsmål om ønsket om god gjennomstrøyming og høg studiepoengproduksjon har fått oss til å senke krava med omsyn til å gje kandidatar ståkarakter til eksamen. Dette er ein viktig debatt å halde levande, og konklusjonen vår til no har vore at dette omsynet ikkje medvite har spela inn på vurderingane våre ved eksamen.

I tillegg til omlegginga av budsjettmodellen som gjev høgskular og universitet midlar på grunnlag av studiepoengproduksjon, er det er to moment som spelar ei viktig rolle for oss i vår ambisjon om å gjere studietilbodet vårt fleksibelt tilgjengeleg. Det eine er utviklinga av ikt-teknologien og korleis denne teknologien har gjennomsyra samfunnet generelt. Dette gjer det mogleg for oss å nå ut til alle deler av landet med tilbodet vårt. Det andre er den tydelege sentraliseringstendensen som ungdom syner ved at dei helst ønskjer å studere i større byar. For oss representerer denne sentraliseringstendensen ei stor utfordring. Me har prøvd å møte henne ved spesielt å nå ut til folk som bur og vil halde fram med å bu i distrikta. Dette vil stort sett vere folk som er etablerte med arbeid, familie og bustad og som er motiverte for å auke sin kompetanse og seinare å tilby denne innanfor eigen rekkjevidd. Slik trur eg at me er med på å styrke kvalitetane ved å bu i distrikta. Men samstundes ser me at studietilbodet vårt på nett også er eit aktuelt tilbod for ungdom som ønskjer å bu i by. Dette er ei side ved fleksibiliteten i tilbodet vårt som me i utgangspunktet ikkje hadde tenkt på, men som me er komfortable med og som faktisk kan vere eit lite bidrag til å jamne ut forholdet mellom by og land.

Kunnskapsdepartementet framhevar ei rekke sider ved reforma i sin 'Statusrapport for Kvalitetsreformen i høgre utdanning'. Vedlegg 6 inneholder eit faktablad frå departementet der dei viktigaste punkta i denne statusrapporten vert presenterte (Kunnskapsdepartementet 2007). Eit rammevilkår som styret for Høgskulen i Volda la for verksemda og som er ei tydeleg oppfølging av Kvalitetsreforma, er vedtaket om at studieprogramma normalt skulle byggjast opp av emne på 15 studiepoeng. Dette fekk følgjer både for studiepoengproduksjonen og for vurderingsformene. Me nyttar dette til å leggje opp til brei variasjon i vurderingsformene samtidig som me aktivt har arbeidd for å kompensere for dei ulempene som dette gav. Då tenkjer eg særleg på fragmentering av studiet.

Når me ser attende på utviklinga av studiet i perioden 2003–2008, er det fleire punkt som i tillegg til dei som er nemnde ovanfor, som samsvarar godt med intensjonane i Kvalitetsreforma. Det er likevel vanskeleg å seie i kva grad reforma har vore ei drivande kraft på desse felta, og i kva grad det mest er snakk om eit samanfall mellom Kvalitetsreforma og opplegget vårt fordi me har funne det tenleg for studiet vårt. Eg tenkjer særleg på dette med tett oppfølging av studentane og at studiet skal ha relevans og skje i samarbeid med samfunns- og arbeidsliv. Dette har vore ideal, og eg vil hevde ein praksis i studiet vårt 'i alle år'. Den viktigaste draghjelpa me har hatt i så måte er det faktum at SRS-studiet er definert som del av lærarutdanninga i Volda. Gjennom studentane sin praksis i skuleverket og vår deltaking i det omfattande fagmiljøet som driv lærarutdanning, opplever me mange typar tildriv til å halde blikket jamt festa både på oppfølging av den enkelte student, relevans for framtidig lærararbeid og samarbeid med skuleverket. Eg tenkjer vidare på å stille krav og forventingar til studentane og å fremje internasjonalisering og internasjonalt samarbeid, som det også er lagt vekt på i Kvalitetsreforma. Det første har me gradvis sett eit aukande behov for gjennom dei erfaringane me har gjort, og satsinga vår på eit internasjonalt perspektiv har først og fremst samanheng med eit par av lærarane sin kompetanse på Afrika. Likevel er det opplagt at når desse felta er framheva innanfor Kvalitetsreforma, så har dette vore til god støtte for oss.

Ei drivkraft for utviklinga av studiet vårt som må nemnast, er det synet på læring som ligg i botnen for oss som arbeider med studiet. Det synet er langt på veg i samsvar med det pedagogen Knud Illeris (2001: 195) seier at utdanningssektoren må ha. Han skriv om eit vidt læringsomgrep, der det grunnleggjande synet er at all læring har tre dimensjonar, den kognitive, den psykodynamiske og den sosiale/samfunnsmessige. Det kognitive gjeld innhaldet i læringa og ei samankoppling av det nye med det den lærande allereie har av

kunnskap, dugleik og forståing. Den psykodynamiske funksjonen gjeld kjenslene, motivasjonen og haldningane som er knytte til læringa og alltid set sitt preg på det som vert lærert. Den sosiale og samfunnsmessige dimensjonen gjeld samspelet mellom den lærande og læringssituasjonane, dvs. dei materielle, sosiale, ja dei samla samfunnstilhøva som gjer seg gjeldande i samanhengen og som pregar læringa. Illeris hevdar vidare at sjølve læringa skjer gjennom dei to integrerte prosessane: ein ytre samspelsprosess mellom individet og omgjevnadene, og ein indre bearbeidings- og tileigningsprosess, der det som vert lærert, vert teke opp i den lærande sine psykiske strukturar. Etter mi vurdering inviterer eit slikt vidt læringssyn til stor breidd i læringa og til varierte arbeidsformer. Dette er eit ideal for vår eiga undervising, og det er også noko me gjerne vil hjelpe studentane våre til å få til i deira arbeid som lærarar. Det er ein viktig grunn for å leggje stor vekt på didaktikk i studiet vårt.

Ei siste drivkraft som eg vil nemne, er ønsket vårt om å ha høg kvalitet på det me arbeider med kombinert med overtydinga om at lærarutdanning er umåte viktig. Eg har ved mange høve snudd litt på eit slagord når eg har helsa nye lærarstudentar velkomne til høgskulen vår. Eg har sagt at dei som lærarar kjem til å ha framtida i sine hender, framtida for mange enkeltmenneske og framtida for samfunnet. Det er vår oppgåve å bidra til at studentane våre kan vere best mogleg budde til å hjelpe sine framtidige elevar. Då må studiet vårt ha høg kvalitet og me må kontinuerleg gjere vårt for å realisere ein slik kvalitet.

## **Sluttkommentar**

Den lange tradisjonen som samfunnsfagstudiet i lærarutdanningane i Volda kan vise til, vitnar om eit fagmiljø som har funne fram til ein rimeleg balanse mellom tradisjon og fornying. Som eg har prøvt å skildre i dette dokumentet, leitar me etter denne balansen i tråd med følgjande prinsipp:

- Fleksibilitet i tilgjenge: studiet skal organiserast og tilbydast slik at ulike grupper studentar skal finne det tilgjengeleg for seg, i sine aktuelle livssituasjonar.
- Kvalitet i innhald: dette er heilt avgjerande og for SRS-studiet gjeld det både det faglege og det didaktiske.
- Utbytte av innsats: studiet skal vere slik lagt opp med arbeids- og vurderingsformer at studentane skal få utbytte av den innsatsen dei legg inn i det. I prioriteringane våre vil me først og fremst sikte inn mot dei innsatsviljuge studentane og hjelpe dei til eit godt utbytte av studiet.

Desse prinsippa vil me også leggje til grunn for arbeidet vårt med og i studiet i tida framover.

## **Kjelder**

Chilambo, MN & OR Hunnes (eds.) (2007): *Learning Democracy – a resource book*. Balaka: Montfort Media

Dahllöf, U (1998): 'En åteblick på det tidiga ramfaktorteoretiska tänkandet och nogra av dess senare utlöpare'. I R Kvalsund, L Bøe, K Heggen, KA Madssen og S Vaage *I lärande fellesskap. Helsingsskrift til Urban Dahllöf på 70-årsdagen*. Volda: Høgskulen i Volda/Møreforsking Volda

Det kongelige kirke-, utdannings- og forskningsdepartement (1996): Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen

Illeris, K (2001): 'Læring og lærerroller'. I T Bergem (red.) *Slipp elevene løs! Artikler med lys på lærerollen*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Kunnskapsdepartementet (2006): Læreplanverket for kunnskapsløftet. Midlertidig utgave juni 2006

Kunnskapsdepartementet (2007): Statusrapport for Kvalitetsreformen i høgre utdanning. De viktigste punktene i St.meld. nr. 7 (2007- 2008)

[http://www.regjeringen.no/Upload/KD/Vedlegg/UH/Kvalitetsref-evaluering/Faktaark\\_Kvalitetsreform.pdf](http://www.regjeringen.no/Upload/KD/Vedlegg/UH/Kvalitetsref-evaluering/Faktaark_Kvalitetsreform.pdf)

Kunnskapsdepartementet (2008) : *Kvalitetsreformen*

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/andre/Kvalitetsreformen.html?id=1416>

Kvalsund, R (1998): 'Om det konstruerande i utdanningsforskinga'. I R Kvalsund, L Bøe, K Heggen, KA Madssen og S Vaage *I lärande fellesskap. Helsingsskrift til Urban Dahllöf på 70-årsdagen*. Volda: Høgskulen i Volda/Møreforsking Volda

Utdannings- og forskningsdepartementet (2003): Rammeplan for allmennlærerutdanningen.

## Vedlegg 1

### OVERSYN OVER STUDIETILBODET SKULERETTA SAMFUNNSFAG HVO/ALU 2007/2008

| VERT GJENNOMFØRT I<br>HAUSTSEMESTERET   | VERT GJENNOMFØRT I<br>VÅRSEMESTERET  | VERT GJENNOMFØRT I<br>VÅRSEMESTERET   |
|---|--|---|
| <p><b>SRS101: Særleg fokus: Natur og samfunn i Noreg 15 stp.</b><br/> Fagleg leiar: O R Hunnes<br/> Geografi:<br/> <ul style="list-style-type: none"> <li>- geografi – innhald og metodar</li> <li>- økonomisk geografi med spesielt fokus på ressursar</li> <li>- geologi og landskap</li> <li>- demografi med særleg vekt på befolkningsutvikling og migrasjon</li> </ul> Historie:<br/> <ul style="list-style-type: none"> <li>- historie- innhald og metodar</li> <li>- bustad og byggeskikk</li> <li>- vikingtid og rikssamling</li> </ul> Samfunnskunnskap:<br/> <ul style="list-style-type: none"> <li>- sosialisering</li> <li>- det fleirkulturelle samfunnet</li> <li>- økonomi og samfunn</li> </ul> Praksis: tilsvarende 2 veker<br/> <br/> Vurdering: Mappe med val mellom 2 eller 3 oppgåver, ei i quart av faga geografi og historie, eventuelt også samfunnskunnskap.</p> | <p><b>SRS 102: Særleg fokus: Konfliktar i samfunnet 15 stp.</b><br/> Fagleg leiar: O R Hunnes<br/> Geografi:<br/> <ul style="list-style-type: none"> <li>- klima</li> <li>- levekårsgjografie</li> <li>- regionar og regionalisering</li> <li>- utviklingsgeografi med særleg fokus på Nord-Sør problematikken</li> <li>- didaktiske tema</li> </ul> Historie:<br/> <ul style="list-style-type: none"> <li>- norsk 1800-talshistorie</li> <li>- mellomkrigstid</li> <li>- 2. verdskrigene</li> <li>- Palestinakonflikten</li> </ul> Samfunnskunnskap:<br/> <ul style="list-style-type: none"> <li>- lov og rett for barn og unge</li> <li>- menneskerettar</li> <li>- internasjonal politikk</li> <li>- det nordamerikanske samfunnet</li> </ul> Praksis: tilsvarende 1 veke<br/> <br/> Vurdering: Valfritt: anten skriftleg prøve 6 timer eller munnleg eksamen</p> | <p><b>SRS105: Utveksling for utvikling 30 stp.</b><br/> Fagleg leiar: Norleif Vik<br/> <br/> Studiets tilbod vert gjennomført i samarbeid med "Fredskorpset – ung" – programmet. Utgifter til reise og opphold blir dekt.<br/> <br/> Oppnak: Maksimum 8 studentar, alder 18 – 25 år, motivasjonssøknad på engelsk. Tilrådd bakgrunn: SRS1 / SRS3, NSM eller tilsvarende.<br/> <br/> Søknadsfrist 1. oktober.<br/> <br/> Hovudinnehaldet er et 3 månaders studieoppdrag ved eit college / universitet som gjev lærarutdanning i Malawi eller Namibia. Studentane skal m.a. ta del i samfunnsfagleg studium ved vertsinstitusjonen. Med dette som utgangspunkt er innehaldet i studiet delt i fire:<br/> <br/> Januar:<br/> Førebuing: natur- og samfunnsfaglege tema, tverrkulturell kommunikasjon, bistand i Afrika. I tillegg kjem eit førebuingsskurs arrangert av Fredskorpset.<br/> <br/> Februar, mars, april:<br/> Gjennomføring av Afrika-oppdraget: tilrettelagde studiedeler ved vertsinstitusjonen med spesielt fokus på oppvekst, skule, naturgrunnlag, kultur og samfunn.<br/> <br/> Mai, juni:<br/> Vertskaps- og informasjonsarbeid:<br/> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vertskapsoppgåver for studentar frå partnerskapsinstitusjonar under deiira opphold ved HVO</li> <li>- Informasjonsoppgåver etter heimkomma om nord-sør</li> </ul> Etterarbeid: ferdigstilling av prosjektrapport og avsluttande eksamen før studiesstart i august.<br/> <br/> Praksis: 3 veker<br/> <br/> Vurdering: Prosjektoppgåve + munnleg prøve med utgangspunkt i prosjektoppgåva + spørsmål frå pensum.</p> |
| <p><b>SRS103: Særleg fokus: Urbanisering og globalisering – kontinuitet og vendepunkt 15 stp.</b><br/> Fagleg leiar: O R Hunnes<br/> Geografi:<br/> <ul style="list-style-type: none"> <li>- bygeografi</li> <li>- kartlære</li> <li>- økonomisk geografi med spesielt fokus på lokalisering av næringsverksemd og global handel</li> <li>- didaktiske tema</li> </ul> Historie:<br/> <ul style="list-style-type: none"> <li>- norsk etterkrigstid</li> <li>- russisk/sovjetisk historie</li> <li>- didaktikk</li> </ul> Samfunnskunnskap:<br/> <ul style="list-style-type: none"> <li>- politikk, makt og ideologiar</li> <li>- politiske system og prosessar</li> <li>- demokrati</li> <li>- pedagogisk entreprenørskap</li> </ul> Praksis: tilsvarende 1 veke<br/> Vurdering: Skriftleg prøve 6 timer</p>  | <p><b>SRS104: Særleg fokus: Aust-Afrika 15 stp.</b><br/> Fagleg leiar: O R Hunnes<br/> Geografi:<br/> <ul style="list-style-type: none"> <li>- geologi, klima, hydrologi og vegetasjon i Afrika</li> <li>- kultur, økonomi, demografi, helse, utdanning og kommunikasjonar i Aust-Afrika</li> <li>- didaktikk</li> </ul> Historie:<br/> <ul style="list-style-type: none"> <li>- afrikansk historie</li> <li>- kenyansk historie</li> </ul> Samfunnskunnskap:<br/> <ul style="list-style-type: none"> <li>- politiske system og prosessar i Aust-Afrika</li> <li>- kulturell variasjon og konfliktar i Aust-Afrika</li> </ul> Regionstudium: Kenya med tilbod om studietur, alternativt prosjektarbeid med tema frå Afrika<br/> <br/> Praksis: tilsvarende 2 veker<br/> Vurdering: Semesteroppgåve</p>   |   |

ORH 09.08.07

## Vedlegg 2

### UNDERVISNINGSPLAN FOR SRS 102 og SRS 104 våren 2008

- Progresjonen i studiet vil vere likt både for lokale studentar og nettstudentar, og går fram av vekeplanen for undervisinga i Volda.
- Både nettstudentar og lokale studentar får tilgang til den same informasjonen og studiehjelpa på Classfronter.
- Nettstudentar er velkomne til å ta del i undervisinga i Volda.
- Undervisarar: Bård Dahle (BD), Eivind Indresøvde (EI), Odd Ragnar Hunnes (ORH), Birger Løvlie (BL), Oddbjørn Melle (OM), Leif Sletvold (LS), Marte Sinderud (MS), Bjørn Tafjord (BT), Norleif Vik (NV).
- Dersom ikkje anna er sagt, vert undervisinga i Volda gjennomført på rom 209 i Kaarstadhuset.
- Nettstudentar som ønskjer å ta eksamen i SRS102 annan stad enn i Volda, må søkje om dette før 15. januar.

| Vewe | SRS102 (torsdagar og fredagar)   | SRS104 (måndagar og onsdagar)  |
|------|--|--|
| 01   | Ikkje undervising SRS102   | Ikkje undervising SRS104   |
| 02   | 10.01 kl 0915 – 1100: G: Klima (ORH)<br>10.01 kl 1115 – 1300: H: Norsk 1800-talshistorie (EI)<br><br>11.01 kl 0915 – 1100: G: Klima (ORH)<br>11.01 kl 1115 – 1300: H: Norsk 1800-talshistorie (EI)                         | 07.01 kl 1015 – 1200: G: Afrikas naturgeografi (ORH)<br>07.01 kl 1215 – 1400: Om prosjektarbeidet (LS / ORH)<br>09.01 kl 0915 – 1100: G: Afrikas naturgeografi (ORH)<br>09.01 kl 1115 – 1300: G: Kenyas geografi (ORH)   |
| 03   | 17.01 kl 0915 – 1100: H: Mellomkrigstid (OM)<br><br>17.01 kl 1115 – 1300: H: Norsk 1800-talshistorie (EI)<br><br>18.01 kl 0915 – 1100: H: Mellomkrigstid (OM)<br><br>18.01 kl 1115 – 1300: H: Norsk 1800-talshistorie (EI) | 14.01 kl 1015 – 1200: H: Nyare afrikansk historie (BT)<br>14.01 kl 1215 – 1400: S: Det kenyanske samfunnet (LS)<br>16.01 kl 0915 – 1100: H: Nyare afrikansk historie (BT)<br>16.01 kl 1115 – 1300: Prosjektarbeid: presentasjon av problemstillingar og framdriftsplan (spesielt lokale studentar) |
| 04   | <i>Ikkje undervising SRS102 / Praksis 3AU</i>  | <i>Ikkje undervising SRS104 / Praksis 3AU</i>  |
| 05   | <i>Ikkje undervising SRS102 / Praksis 3 AU</i>   | <i>Ikkje undervising SRS104 / Praksis 3 AU</i>   |
| 06   | <i>Ikkje undervising SRS102/ Praksis 3 AU</i>  | <i>Ikkje undervising SRS104 / Praksis 3 AU</i>   |
| 07   | 14.02 kl 0915 – 1100: H: Mellomkrigstid (OM)<br><br>14.02 kl 1115 – 1300: H: Norsk 1800-talshistorie (EI)<br><br>15.02 kl 0915 – 1100: H: Mellomkrigstid (OM)<br><br>15.02 kl 1115 – 1300: H: Norsk 1800-talshistorie (EI) | Prosjektarbeid   |
| 08   | 21.02 kl 0915 – 1100: H: Andre verdskrig (OM)<br><br>21.02 kl 1115 – 1300: S: Det nordamerikanske samfunnet (EI)<br><br>22.02 kl 0915 – 1200: S: Det nordamerikanske samfunnet (EI)  | Prosjektarbeid   |
| 09   | 28.02 kl 1115 – 1400: S: Det nordamerikanske samfunnet (EI)<br><br>29.02 kl 0915 – 1200: H: Andre verdskrig (OM)<br><br><i>29.02 Skriftleg oppgåve Geografi leveringsfrist kl 1400</i>                                     | 25.02 kl 1015 – 1200: H: Nyare afrikansk historie (BT)<br>25.02 kl 1215 – 1400: H: Slaveri i Afrika (MS)<br>27.02 kl 0915 – 1200: G: Afrika – demografi (ORH)  |
| 10   | 06.03 kl 1115 – 1400: S: Det nordamerikanske samfunnet (EI)<br><br>07.03 kl 0915 – 1200: H: Andre verdskrig  | 03.03 kl 1015 – 1200: S: Afrikansk religion (BL)<br>03.03 kl 1215 – 1400: S: Politiske system og institusjonar i Kenya (LS)  |

|    |  |   |
|----|--|---|
|    | (OM)   | 05.03 kl 0915 – 1200: G: Afrika – landsbygda (ORH)  |
| 11 | 13.03 kl 0915 – 1100: H: Andre verdskrig (OM)<br>13.03 kl 1115 – 1300: S: Menneskerettar (LS)<br>14.03 kl 0915 – 1100: G: Regionar og regionalisering (ORH)<br>14.03 kl 1115 – 1300: S: Menneskerettar (LS)  | 10.03 kl 1015 – 1400: G: Afrika – kultur (ORH)<br>12.03 kl 0915 – 1100: G: Afrika – kvinnespespektivet (ORH)<br>12.03 kl 1115 – 1300: S: Afrikansk musikk (BD)                        |
| 12 | PÅSKE  | PÅSKE   |
| 13 | Ikkje undervising SRS102   | Ikkje undervising SRS104  |
| 14 | 03.04 kl 0915 – 1100: S: Menneskerettar (LS)<br>03.04 kl 1115 – 1300: G: Regionar og regionalisering (ORH)<br>04.04 kl 0915 – 1100: G: Nord – Sør-problematikk (ORH)<br>04.04 kl 1115 – 1300: S: Menneskerettar (LS)   | 31.03 kl 1015 – 1200: G: Afrika – framtidssikter (ORH)<br>31.03 kl 1215 – 1400: Nyare afrikansk historie (BGT)  |
| 15 | <i>07.04 Skriftleg oppgåve Historie leveringsfrist kl 1400</i><br>10.04 kl 0915 – 1100: S: Internasjonal politikk etter 1945 (LS)<br>10.04 kl 1115 – 1300: G: Nord – Sør-problematikk (ORH)<br>11.04 kl 0915 – 1100: G: Levekår (ORH)<br>11.04 kl 1115 – 1300: S: Internasjonal politikk etter 1945 (LS) | 09.04 kl 0915 – 1300: Døme på land i Afrika: Malawi og Namibia (NV - studentar)<br><br><i>10.04 kl 1600 – 2000 Pensumprøve</i><br>Prosjektarbeid, individuell rettleiing etter avtale |
| 16 | 17.04 kl 0915 – 1100: G: Levekår (ORH)<br>17.04 kl 1115 – 1300: S: Internasjonal politikk etter 1945 (LS)<br>18.04 kl 0915 – 1100: G: Levekår (ORH)<br>18.04 kl 1115 – 1300: S: Internasjonal politikk etter 1945 (LS)   | Prosjektarbeid, individuell rettleiing etter avtale   |
| 17 | 24.04 kl 1115 – 1400: H: Palestinaproblemet (EI)<br>25.04 kl 0915 – 1200: H: Palestinaproblemet (EI)   | Prosjektarbeid, individuell rettleiing etter avtale   |
| 18 | Ikkje undervising SRS102   | Prosjektarbeid, siste frist for rettleiing  |
| 19 | 08.05 kl 0915 – 1200: H: Palestinaproblemet (EI)<br>09.05 kl 0915 – 1200: H: Palestinaproblemet (EI)   |   |
| 20 | Ikkje undervising SRS102   | <i>14.05 kl 1400: Leveringsfrist prosjektoppgåva</i>  |
| 21 | <i>23.05 Skriftleg oppgåve Samfunnskunnskap leveringsfrist kl 1400</i>   |   |
| 22 | Ikkje undervising SRS102   |   |
| 23 | Eksamenvonleg i første del av denne veka   |   |

Volda, 14.03.08  
Odd Ragnar Hunnes

## Vedlegg 3

Orienteringa om pensumprøva for SRS104 10.04.08 som vart lagt ut på Classfronter på førehand og sjølve prøva.

# Pensumprøva 10.04.08

Meininga med prøva er at ho skal inngå som eit viktig ledd i læringsprosessane i studiet. Ønsket vårt er at prøva skal vere slik utforma at ho gjev deg høve til å vise kva du kan, og også at du skal lære ein del gjennom arbeidet med prøva.

Dette skal vere ei individuell prøve. Det inneber at kvar student skal lage sine eigne svar på kvart spørsmål. Dersom to (eller fleire) studentar leverer likelydande svar på eit eller fleire spørsmål, vert prøvene til desse ikkje godkjende. Det er lett å forstå at det går an å samarbeide om ei slik prøve sjølv om det ikkje er meininga får vår side. Me minner derfor om at etisk kompetanse er ein av fem typar kompetanse som ein lærar skal ha. Me organiserer derfor denne prøva på denne måten i tillit til at studentane følgjer intensjonane våre, og for å gjere det praktisk greitt for alle å ta henne (slepp reising). Det vil derfor vere trist på fleire vis om brot på den tilliten som slik vert vist, tvingar oss til å forandre på organiseringa.

Prøva vil innehalde spørsmål både frå pensumet i geografi, historie og samfunnskunnskap. Det kan verte ei blanding av korte og lengre svar. Omfanget av spørsmåla vil vonleg vere slik at den som ikkje har lese pensum før prøva, ikkje vil klare å svare på alle spørsmåla ved å slå opp i pensumlitteraturen i løpet av prøvetida.

Prøva vert halde for alle i det tidsrommet som er oppgjeve, altså 10.04.08 mellom klokka 1600 og 2000. Prøva skal svarast på ClassFronter. Du kan sitje kvar som helst når du arbeider med prøva så lenge du har tilgang til ClassFronter. Me har gjennomført tilsvarande prøver tidlegare år, og teknisk har det fungert godt, så me reknar med at det skal gå like greitt i år.

Spørsmåla er tilgjengelege for studentane klokka 1600. Svara skal leverast på ClassFronter innan fristen klokka 2000.

**Hugs å logge inn på nytt klokka 1600.** ClassFronter verkar slik at du berre får tilgang på det som ligg inne når du loggar deg inn. For å nå tak i det som er lagt inn etter at du logga deg på, må du logge deg av og logge deg på igjen på nytt. Dette inneber at dersom du den 10.04 loggar deg inn på ClassFronter før klokka 1600, t.d. klokka 1500, vil du ikkje få tilgang til prøva når klokka vert 1600 utan at du loggar deg av og på igjen.

Slik går du fram for å svare på prøva:

Prøveteksta ligg i ei innleveringsmappe (same type mappe som du har brukt for dei skriftlege oppgåvene). **Mappa heiter Pensumprøve 100408.** Det finst både ein bokmålsversjon og ein nynorskversjon av prøva. Klikk på den versjonen du ønskjer og få han fram på skjermen din. Lagre deretter oppgåveteksta som ei **word-fil** på eigen datamaskin. Me har opplevd at andre format ikkje fungerer tilfredsstillande, så gjer deg sjølv og oss ei teneste og bruk word-formatet. Så kan du svare på spørsmåla på eigen maskin og lagre dokumentet på eigen

maskin. Så går du attende på ClassFronter, går inn i innleveringsmappa og lastar opp fila di i ClassFronter innan fristen klokka 2000.

Følgjande faglærarar er tilgjengelege på e-post og telefon under heile prøveperioden.

Odd Ragnar Hunnes tlf. 70 07 52 96 e-post: [orh@hivolda.no](mailto:orh@hivolda.no)

Leif Sletvold tlf. 70 07 53 79 e-post: [LeifSl@hivolda.no](mailto:LeifSl@hivolda.no)

### Vurderinga

Prøva er ikkje ein eksamen, men eit arbeidskrav. Det inneber at vurderinga følgjer skalaen godkjend / ikkje godkjend. Vurderinga av prøva reknar me med å gjennomføre i løpet av veke 16. Tilbakemelding vil skje på ClassFronter.

I fjar fekk dei fleste godkjent prøva i første forsøk, medan nokre trengde to forsøk. Av dette vil det gå fram at du har to forsøk på å klare denne prøva. For den som treng eit andre forsøk, legg me opp til å gjennomføre henne 28.04.08.

Dersom du har spørsmål om denne prøva, gjer vel og ta kontakt.

Lukke til!

Vennleg helsing

Odd Ragnar Hunnes

## PENSUMPRØVE SRS104 10.04.08

NYNORSK

**NB: Du skal svare på alle spørsmåla 1 – 12. Dersom du har tid, kan du også svare på tilleggsspørsmåla 13 – 15 (det er ekstrapoeng å hente der).**

1. Kva er typiske trekk ved regnskogsvegetasjonen?
2. Kvifor har mais vorte ein svært populær matplante i Afrika?
3. Lag ei liste over viktige grunnar for nedgang i dødstal i Afrika.
4. Etniske grupper i Kenya: Gjer kort greie for
  - a. Kva ulike grupper som finst
  - b. Korleis oppdelinga / samansetjinga av etniske grupper i landet påverkar den politiske situasjonen i landet
5. Kvifor er brudepris meir aktuelt enn medgift i Afrika?
6. Kva verdiar bør ligge i botnen når me vitjar samfunn med annan kultur enn vår eigen?
7. Kva grunnar kan finnast for at det ikkje treng vere spesielt lurt å mekanisere afrikansk jordbruk?
8. Kva meiner ein med 'kapitalflukt', og kvifor skjer det slik flukt ut av Afrika?
9. Kva rolle spelte handelsrutene gjennom Sahara som grunnlag for kongsmakt og statsdanning i desse områda?
10. Gjer kort greie for nokre sentrale faktorar som la grunnlaget for utviklinga av slavehandelen i Aust- og Vest-Afrika.

11. I kolonitida vart store deler av den beste jorda i Kenya overtaken av britiske settlarar (innvandrarar). Mange av settlarane forlét Kenya då landet vart uavhengig. Kva skjedde med jordeigedomane deira?
12. På kva måte påverka 2. verdskrig utviklinga mot eit uavhengig Kenya?

Tilleggsspørsmål:

13. Korleis påverkar vandringa til sola (nord – sør) nedbørsmønsteret i Afrika?
14. Kva roller spelar massemedia i forhold til demokratiet i Afrika?
15. Eit fleirpartisystem er viktig for at demokratiet skal trivast, og mange afrikanske land har innført fleirpartisystem. Aseka peikar på eit par ‘speleregler’ som må følgjast for at demokratiet skal fungere godt. Kva speleregler er det snakk om?

Dette skal vere ei individuell prøve. Det inneber at kvar student skal lage sine eigne svar på kvart spørsmål. Dersom to (eller fleire) studentar leverer likelydande svar på eit eller fleire spørsmål, vert prøvene til desse ikkje godkjende. Det er lett å forstå at det går an å samarbeide om ei slik prøve sjølv om det ikkje er meininga frå vår side. Me minner om at etisk kompetanse er ein av fem typar kompetanse som ein lærar skal ha. Me organiserer derfor denne prøva på denne måten i tillit til at studentane følgjer intensjonane våre, og for å gjere det praktisk greitt for alle å ta henne (slepp reising). Det vil derfor vere trist på fleire vis om brot på den tilliten som slik vert vist, tvingar oss til å forandre på organiseringa.

Følgjande faglærarar er tilgjengelege på e-post og telefon under heile prøveperioden.

Odd Ragnar Hunnes tlf. 70 07 52 96 e-post: [orh@hivolda.no](mailto:orh@hivolda.no)

Leif Sletvold tlf. 70 07 53 79 e-post: [LeifS1@hivolda.no](mailto:LeifS1@hivolda.no)

Lukke til!

## **Vedlegg 4**

| 2005/2006 | Teke imot plass | Oppmelde til eksamen | Møtt til eksamen | Greidd eksamen |
|-----------|-----------------|----------------------|------------------|----------------|
| SRS101    | 107             | 95                   | 76               | 75             |
| SRS102    | 80              | 74                   | 66               | 58             |
| SRS103    | 61              | 49                   | 35               | 35             |
| SRS104    | 54              | 48                   | 38               | 36             |
| SUM       | 302             | 266                  | 215              | 204            |

| 2006/2007 | Teke imot plass | Oppmelde til eksamen | Møtt til eksamen | Greidd eksamen |
|-----------|-----------------|----------------------|------------------|----------------|
| SRS101    | 88              | 76                   | 68               | 68             |
| SRS102    | 74              | 68                   | 59               | 57             |
| SRS103    | 55              | 43                   | 35               | 34             |
| SRS104    | 49              | 43                   | 32               | 32             |
| SUM       | 266             | 230                  | 194              | 191            |

*Gjennomstrøyming og eksamensresultat for studieåra 2005/2006 og 2006/2007. Absolutte tal.*

## Vedlegg 5

### FIELDTRIP TO KENYA FEBRUARY 2007

Comments pr. 09.01.07

| Date  | Day | Program  | Comment   |
|-------|-----|--|---|
| 28.01 | Su  | 1705: Leave Oslo airport<br>2035: Leave Heathrow airport   | Travel (British Airways)  |
| 29.01 | Mo  | 0800: Arrive in Nairobi<br>Lectures:<br>1100 – 1230: Norwegian People's Aid in East Africa Edla og Lars <i>OK</i><br>1400 - 1600: Lecture: Norwegian Church Aid in Kenya. Odd Evjen. <i>OK</i> | Transport from the airport.<br>Over night SMCC Nairobi<br><i>Videoprojector, check</i>                            |
| 30.01 | Tue | 0800 – 1600: Visit St. John Community Centre <i>OK</i>   | See <a href="http://www.sjccpum.org">http://www.sjccpum.org</a><br>Over night SMCC Nairobi                        |
| 31.01 | We  | 0800 – 1400: Visit Karen C Primary School <i>OK</i><br>1500 – 1700: Lecture: Bjarte Tora: On democracy work in East Africa <i>OK</i>   | Over night SMCC Nairobi   |
| 01.02 | Thu | 1230: Visit Thogoto Teacher Training College in Nairobi. <i>OK</i>   | Over night SMCC Nairobi   |
| 02.02 | Fr  | 0600: Departure for Chesta in Pokot <i>Keep in touch with Skuli. Lawrence local contact in Chesta</i>  | Leave 0600, 10 – 12 hours drive<br>Over night Chesta guest house  |
| 03.02 | Sa  | 0900: Visit Cabesi site Lomut. <i>Contact Clement OK</i><br>1130: Market in Lomut <i>OK</i><br>1400: Mountain climb (Sakat) <i>OK</i>  | Climb 3 – 4 hours, two by two pr. rucksack. Warm clothes for the night.<br>Over night in local dwellings in Sakat |
| 04.02 | Su  | 1000: Church service in Sakat <i>OK</i><br>Return to Chesta: rest  | Over night Chesta guest house   |
| 05.02 | Mo  | Morning: Visit health station / group performing traditional music / dance and the Italian agricultural program in Sigor <i>OK</i><br>1500: Departure for Kapenguria                           | Over night Kapenguria Bible Centre  |
| 06.02 | Tue | Morning: Lectures about Pokot culture <i>OK</i><br>Afternoon: Visit sites for soil conservation / Veteran museum (optional) <i>OK</i>  | Over night Kapenguria Bible Centre  |
| 07.02 | We  | Morning: School visits Chepareria <i>OK</i><br>Afternoon: Meet street children from Makutano for games and socializing. <i>OK</i>  | Over night Kapenguria Bible Centre  |
| 08.02 | Thu | 0700: Leave for Kisumu.<br>Afternoon: Visit Pecha Foods (fish factory at Lake Victoria) <i>Mark</i>  | Lunch in Kisumu<br>Overnight Sunset Hotel Kisumu<br><i>Mark</i>   |
| 09.02 | Fr  | 0700: Leave for Masaai Mara National Park  | Lunch in Kisii  |

|       |     |  |  |
|-------|-----|--|--|
|       |     | <i>Mark</i>  | Over night in Masaai Mara National Park.   |
| 10.02 | Sa  | Masaai Mara National Park<br>Return to Nairobi   | Lunch in park<br>Over night SMCC Nairobi   |
| 11.02 | Su  | At disposal  | Over night SMCC Nairobi  |
| 12.02 | Mo  | Kenyatta University <i>OK</i>  | Over night: SMCC Nairobi   |
| 13.02 | Tue | School visit Muranga <i>OK</i><br>Visit coffee factory <i>OK</i>                         | Over night Mt. Kenya / Green Hills hotel, Nyeri <i>Mark</i>                                |
| 14.02 | We  | Visit Gathuiti Tea Factory Ltd. Nyeri. <i>Mark</i><br>Continue for Mt. Kenya /           | Over night Mt. Kenya / Green Hills hotel, Nyeri  |
| 15.02 | Thu | Mt. Kenya / travel to Nakuru, visit Menengai crater                                      | Mt. Kenya confirm Charles<br>Over night Mt. Kenya / Stem Hotel, Nakuru <i>Mark</i>         |
| 16.02 | Fr  | Mt. Kenya / Lake Elementaita, Mt. Longonot, return Nairobi                               | <a href="http://www.awcfs.org">http://www.awcfs.org</a><br>Over night Nyeri / SMCC Nairobi |
| 17.02 | Sa  | 1000–1200: Visit African Women and Child Feature Service/Return from Mt. Kenya <i>OK</i> | <i>AWCF OK</i><br>Over night SMCC Nairobi  |
| 18.02 | Su  | At disposal  | Over night SMCC Nairobi  |
| 19.02 | Mo  | 0900 - 1400: UN Nairobi<br>1700: Departure for train to Mombasa                          | Kontakt Keziah Kirika<br>Bring student cards for id<br>Night train <i>Sikre billettar</i>  |
| 20.02 | Tue | Project work   | Over night SP Mombasa <i>Mark</i>  |
| 21.02 | We  | Mombasa town   | Over night SP Mombasa  |
| 22.02 | Thu | Shimoni National Park/ Project work  | Over night SP Mombasa  |
| 23.02 | Fr  | 0800: Departure for Voi  | Over night SM Voi <i>OK</i>  |
| 24.02 | Sa  | Departure for Nairobi  | Over night Nairobi <i>Ta kontakt</i>   |
| 25.02 | Su  | Prepare for travel home<br>Leave Nairobi 2320  | Travel (BA) via London to Oslo   |
| 26.02 | Mo  | Arrive in Oslo 1030  |  |

## Vedlegg 6




De viktigste punktene i St.meld.nr.7 (2007-2008)

### **Statusrapport for Kvalitetsreformen i høgre utdanning**

Evalueringen av Kvalitetsreformen viser at det er gjennomført store endringer ved universiteter og høgskoler etter at reformen ble innført i 2003. Regjeringen mener at hovedmålene for Kvalitetsreformen fortsatt er viktige og relevante, og vil holde fast ved disse som grunnlag for det videre arbeidet med å utvikle norsk høgre utdanning og forskning. St.meld.nr. 7 (2007-2008) *Statusrapport for Kvalitetsreformen i høgre utdanning* oppsummerer og drøfter de viktigste erfaringene med Kvalitetsreformen så langt.

Meldingen bygger i hovedsak på evalueringer som er gjennomført av NIFU STEP og Rokkan-senteret på oppdrag fra Norges forskningsråd.





## Oppsummering av innholdet i meldingen

### Studiereform og styringsreform

Kvalitetsreformen er både en studiereform og en styringsreform, der elementene i reformen skal bygge opp under målet om økt kvalitet i høgre utdanning og forskning. Reformen har gitt både studenter og ansatte ved institusjonene en hverdag med nye utfordringer og nye rammebetingelser.

### Felles lovverk

Kvalitetsreformen har medført etablering av et felles lovverk for statlige og private høgre utdanningsinstitusjoner. Et felles lovverk legger bedre til rette for en nasjonalt koordinert politikk for både statlige og private institusjoner. Private institusjoner kan nå oppnå de samme faglige fullmakter som statlige institusjoner, forutsatt at lovens krav er oppfylt og at institusjonen er akkreditert av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT).

### Kvalitet i utdanningen

Forskerne som har evaluert Kvalitetsreformen mener at det ennå er vanskelig å måle om reformen har økt kvaliteten i norsk høgre utdanning og forskning. En har dermed ikke fått svar på om det overordnede målet for Kvalitetsreformen er nådd.

Det er behov for økt kunnskap om høgre utdanning og forskning. Regjeringens satsing på utdanningsforskning omfatter opprettelse av et nytt forskningsprogram i Norges forskningsråd, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008). Sammen med videreføring av bevilgningene til programmet *Kunnskap, utdanning og læring* (KUL-programmet 2003–2007) i forslaget til statsbudsjett for 2008, vil dette legge til rette for større og mer robuste fagmiljøer på utdanningsforskningsfeltet.

### Nye grader og læringsutbytte

Universiteter og høgskoler har som følge av Kvalitetsreformen innført et nytt gradssystem, og det har vært sterk vekst i antall studieprogrammer. I evalueringen av reformen problematiseres nivået og kvaliteten på de nye bachelor- og mastergradsutdanningene. Det stilles også spørsmål ved om de nye bachelorprogrammene i stor nok grad gir studentene en utdanning som gir grunnlag for yrkeskarriere, eller om de primært er utformet som grunnlag for videre studier.

Omleggingen av gradsstrukturen har vært vellykket. Kunnskapsdepartementet mener at oppmerksomheten nå må dreies fra innsatsfaktorer og over mot innhold. Dette er blant annet viktig for at bachelorgraden skal fungere som en utdanning som gir relevant og tilstrekkelig kompetanse for bruk i samfunns- og arbeidsliv.

### Tettere oppfølging av studentene

Nye undervisnings- og vurderingsformer og individuelle utdanningsplaner har ført til et tettere forhold mellom student og institusjon. Kunnskapsdepartementet registrerer at det i gjennomsnitt avlegges flere studiepoeng per student enn før.

Institusjonene har en viktig oppgave med å videreutvikle det gode pedagogiske grunnlaget som evalueringen framhever. Institusjonsledelsen må sørge for prosesser og støttefunksjoner som sikrer at det pedagogiske utviklingsarbeidet løftes fram på alle nivåer i virksomheten.

Den norske studentmassen er heterogen, og studentene har ulike behov. Kvalitetsreformen har gitt studentene tettere oppfølging, men også økte krav i form av obligatorisk oppmøte, obligatoriske



innleveringer og flere eksamener. Systemet må ivareta hensynet til nødvendig fleksibilitet for studenter med ulike behov. Samtidig må ønsket om fleksibilitet vurderes opp mot behovet for å stille klare krav og forventninger til studentene. Kunnskapsdepartementet forventer at studentenes studieinnsats står i forhold til kravene som stilles i utdanningen.

Institusjonene må fortsette arbeidet med nasjonal koordinering av nytt karaktersystem og utvikle en felles forståelse for hvordan den nye karakterskalaen skal brukes på tvers av fag og institusjoner og på de forskjellige fagnivåene. Tilsvarende må det arbeides videre med å utvikle de individuelle utdanningsplanene.

Med Kvalitetsreformen er det åpnet for et mer variert spekter av vurderingsformer. Det er viktig at institusjonene kvalitetssikrer og vurderer eksamensgjennomføringen, slik at studenter, vitenskapelig ansatte og samfunns- og arbeidsliv oppfatter at krav om kvalitet og rettssikkerhet etterleves.

#### **Kvalitetssikring i utdanningen**

Strukturene i kvalitetssikringssystemene er i ferd med å komme på plass. I arbeidet med kvalitetssikringssystemene må oppmerksomheten nå dreies fra innsatsfaktorer mot innhold og læringsutbytte. Den betydningen som relevans og samarbeid med samfunns- og arbeidsliv har for å øke kvaliteten på utdanningen, må tydeliggjøres.

#### **Forskning**

Kvalitetsreformens overordnede mål var å løfte kvaliteten i både utdanning og forskning. Det er viktig at forskningen gis tilfredsstillende rammevilkår for å oppnå målet om høgre kvalitet. Kunnskapsdepartementet tar på alvor at fagpersonalet rapporterer at det er blitt mindre tid til forskning, og legger opp til dialog med sektoren om problemstillingen. Institusjonene har et ansvar for å sikre gode forskningsvilkår innenfor de ressursene som er tildelt institusjonen, og å legge til rette for mer sammenhengende tid til forskning. I en egen stortingsmelding i 2008 vil Kunnskapsdepartementet blant annet drøftet nærmere kapasitet, kvalitet og gjennomstrømming i forskerutdanningen.

#### **Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv**

Universiteter og høgskolers samarbeid med samfunns- og arbeidsliv har alltid vært en viktig oppgave, og har fått økt betydning etter innføring av Kvalitetsreformen. Kunnskapsdepartementet mener at rammeverket, i betydningen delegerte fullmakter, er på plass. Institusjonene har et potensial for økt samarbeid med samfunns- og arbeidsliv med sikte på å øke kvalitet og relevans i utdanning og FoU. Departementet vil arbeide for å utvikle tydeligere rapporteringskrav for bedre å kunne måle samarbeidet med samfunns- og arbeidsliv.

#### **Internasjonalisering**

Kvalitetsreformen hadde som mål å fremme internasjonalisering og internasjonalt samarbeid som virkemiddel for økt kvalitet i norsk høgre utdanning og forskning. Studentutvekslingen har økt i perioden etter at Kvalitetsreformen ble innført. Det er nødvendig at institusjonene videreutvikler det strategiske arbeidet for at internasjonalisering tydeligere kan bidra til kvalitetsutvikling i utdanning og forskning. Departementet vil vurdere internasjonalisering i utdanningen i et bredere perspektiv i en egen stortingsmelding som legges fram høsten 2008.

#### **Studiefinansiering**

En ny støtteordning for studenter i høgre utdanning, med økt støttebeløp og stipend for gjennomført utdanning (konverteringsordningen), skulle legge til rette for at studentene kan studere på heltid



og bidra til økt gjennomføring av studiene. Kunnskapsdepartementet registrerer at endringene i studiefinansieringen i liten grad har påvirket hvor mye tid studentene bruker på studier og hvor mye de jobber ved siden av studiene. Likevel har det gjennomsnittlige antallet studiepoeng per student økt.

#### **Finansiering**

Det er et nasjonalt ansvar å sikre et godt utdanningstilbud med muligheter for alle. Finansieringssystemet for universiteter og høgskoler er et virkemiddel for å realisere målet om økt kvalitet i utdanning og forskning. Gjennom å stimulere til økt resultatoppnåelse bidrar systemet til god bruk av samfunnets ressurser. Systemet er ett av flere styringsvirkemidler.

Kunnskapsdepartementet vil styrke incentivet til kvalitet og tilrettelegging for gjennomføring i høgre utdanning. I den forbindelse vil departementet vurdere å innføre kandidater som ny indikator i undervisningskomponenten i statsbudsjettet for 2009. Videre vil satsen for utvekslingsstudenter bli vurdert.

Departementet foreslår ikke å innføre en egen komponent for formidling i finansieringssystemet nå, men vil arbeide for å forbedre statistikk- og indikatorgrunnlaget og senere vurdere en formidlingskomponent. Videre vil departementet vurdere å utvide forskningskomponenten til å stimulere til utarbeidelse av lærebøker og andre akademiske arbeider som har et bredere publikum enn tradisjonelle vitenskapelige arbeider. Det skal igangsettes en evaluering av finansieringssystemet i 2009.

#### **Styring, ledelse og organisering**

Kvalitetsreformen og ny universitets- og høgskolelov ga institusjonene økt frihet i faglige, økonomiske og organisatoriske spørsmål. Den økte autonomien innebærer at institusjonene i stor grad har ansvaret for å følge opp og finne løsninger på en del av utfordringene som evalueringen av Kvalitetsreformen avdekker.

Universitetene og høgskolenes økte ansvar og frihet gir muligheter til å skape løsninger tilpasset den enkelte institusjons egenart. For at dette skal lykkes, er det viktig at ledelsen ved institusjonene tenker strategisk, samt viser vilje og evne til å prioritere. God ledelse vil fremme kvalitet og relevans. Kunnskapsdepartementet mener at dagens ordning med valgfrihet med hensyn til organisering og ledelse fungerer etter hensikten, ettersom det gir institusjonene mulighet til å velge ordninger som er tilpasset den enkelte institusjons størrelse og faglige profil. Departementet understreker viktigheten av at selve styringsordningen har legitimitet, det vil si at både studenter og ansatte må oppleve at deres rettigheter blir ivaretatt.

#### **Utfordringer videre**

Kvalitet i utdanning og forskning er helt avgjørende for at vi skal kunne møte de utfordringer samfunnet står overfor. Vi har enda ikke fått sikre svar på om Kvalitetsreformen har ført til økt kvalitet i utdanning og forskning. En rekke funn gir grunn til optimisme, men det er også en rekke utfordringer som Kunnskapsdepartementet og sektoren må jobbe sammen om framover. St.meld. nr. 7 (2007-2008)

*Statusrapport for Kvalitetsreformen i høgere utdanning* gir en retning for det videre arbeidet for å realisere Kvalitetsreformens mål ved landets universiteter og høgskoler.

Utarbeidet av:  
Kunnskapsdepartementet  
November 2007

[www.kunnskapsdepartementet.no](http://www.kunnskapsdepartementet.no)